

Kapittel 4

Dei formale ytterverka

4.1 Ortografi

Lesaren må merke seg at den følgjande framstillinga av ortografi gjeld reglane innanfor læreboknormalen, ikkje den vidare rettskrivinga. Den som skriv ei lærebok, må nytte hovudformene; sideformer (klammeformer) skal konsulerar rette med raudt.

Ofte har ein forfattar høve til å velje mellom ein eller fleire tillatne skrivemåtar, og han eller ho må da konsekvent gjennomføre dei formene som er valde. Men dei fleste orda har berre ei tillaten form, slik at ein vel anten rett eller feil når ein set dei på papiret. Her er det viktig å vere merksam på ein del "feller", fallgruver som vi går i når vi trur vi kjenner regelen, men i røynda tek feil. Fellene er av ymse slag.

Oversyna i dette kapittelet kan ikkje erstatte oppslagsverk, for nynorsk blant anna *Nynorskordboka* og *Nynorskordlista*, for bokmål blant anna *Bokmålsordboka*, *Bokmålsordlista* og *Tanums store rettskrivningsordbok*, alle i siste og ajourførte utgåva. Når det gjeld skrivemåten av framandord, er den sistnemnde eit framifrå hjelpemiddel for nynorsk òg. Det er heilt nødvendig å ha oppdaterte oppslagsverk. Sjå også kapittel 9.

Det beste rådet for alle ortografiproblem er å slå opp i ordliste og andre språklege hjelpemiddel mykje oftare enn ein trur ein treng det. Ein bør slå opp ikkje berre når ein er det minste i tvil, men også når eit ord høyrer til ein vanskeleg kategori der ein veit at ein har problem med visse ord. Forresten er dei fleste problema felles for bokmål og nynorsk. Vi skriv nemleg dei fleste orda likt på dei to målformene.

Nedanfor skal vi både gjere greie for viktige punkt i valfridommen, der det er relevant, og gå inn på område der erfaringa viser at ein lett gjer feil.

4.1.1 Allment om ortografien i norsk

4.1.1.1 Valfridom og konsekvensretting

Det er heller stor valfridom innanfor læreboknormalen for begge mål. Mykje av valfridom-

men er spesifikk for målformene og høver dårleg i ei framstilling av ortografien i norsk generelt, og derfor tek vi opp valfridom i nynorsk og i bokmål i eigne tekstluter nedanfor. Men det er problem som er felles jamvel om orda kan vere ulike, og det finst valfridom i ord som er felles, ikkje minst lånord. Dessutan er det eit viktig spørsmål korleis vi skal stille oss når eit manus vekslar mellom valfrie skrivemåtar av det same ordet. Er det variasjon eller vakling?

Av valfrie skrivemåtar i vanlege framandord nemner vi **res(s)urs** med ein eller to s-ar, bokstavkombinasjonane **-eu-** eller **-ev-** i ord som **eunukk** eller **evnukk**, **neurose** eller **nevrose** og c eller s i blant anna **cisterne** eller **sisterne**, **decennium** eller **desennium**, **incentiv** eller **insentiv**, **incitament** eller **insitament**. Det finst ein del av dette, og vi bør passe på. Bruk ordboka aktivt. Dei siste åra har ikkje minst skrivemåten av ein del nyare lånord frå engelsk vore framme. Det gjeld slike som **juice** eller **jus**, **scooter** eller **skuter**, **service** eller **sørvis**, **tape** eller **teip**, **wire** eller **vaier** osv. Her kan vi òg trekkje fram **champagne** eller **sjampanje**, **yoghurt** eller **jogurt**.

Kva gjer vi viss vi møter orda i ulike former? Å veksle mellom valfrie former som **lusern** og **luserne**, **meis** og **meise** i den same teksten er berre skifting mellom ulike skrivemåtar og kan gjerne kallast vakling. Derimot ligg det eit moment av variasjon i veksling mellom for eksempel konjunksjonane **fordi** og **siden/sidan**, for dette er ulike ord. Det same gjeld **omtrent** og **omkring**, enda dei har morfemet **om** felles og kan tyde det same. Enda tydelegare er det at **omlag** og **omtrent** er ulike, for det eine er eit toords uttrykk, det andre eit samansett ord.

Vi skal sørgje for rimeleg konsekvens i manuset, i skrivemåtar som i bøyning og på andre område. Vi rettar normalt med raudblyant, men må ikkje vere rigide. Vurder samanhengen. Les kapittel 2 nøye, særleg 2.2.5, som tek opp dei ulike prinsippa for utjamning og måtar å arbeide på. Sjå òg den vidare framstillinga her i kapittel 4.

4.1.1.2 Ortografiske feller

Kvifor finst det ortografiske feller?

Det finst ein del "feller" i norsk ortografi, der det er ekstra lett å gjere feil. Blant anna har vi så mykje som åtte måtar å gje att sj-lyden på, slik desse orda illustrerer: **sjel, skinn, skjorte, chassis, schæferhund, gelé, journalist, shopping**. Det seier seg sjølv at nokon kvar kan ta i miss her.

At det er mange feller, kjem av fleire forhold. I eksempelet ovanfor er forklaringa at mange av orda er lånord, men kjem frå ulike språk, og at dei som er arveord (ikkje-lånte), inneheld bokstavkombinasjonar der uttalen har falle saman i talemålet utan at ein har endra skrivemåten.

Dei ortografiske reglane byggjer dels på ortofone prinsipp (at ord skal skrivast etter no tidig, ikkje historisk uttale, som **si/seie** i staden for **segja**, dels på historisk-systematiske omsyn (vi skriv stum **d** i **stod** og stum **t** i **det**). Vidare er det valfridom på visse punkt, men ikkje på andre. Til dels kompliserer også binde-s (særleg i samansetningar) og konsonantforenkling (i avleiingar og bøyingsformer) biletet.

Framandord og andre lånord (sjå 5.1.3) er ofte meir eller mindre merkte av opphavsspråket, og særleg ved yngre lån frå språk som engelsk bør vi vere ekstra flinke til å bruke ordbok. Ein del lånord har nemleg fått norvagensert skrivemåte (som **avokado, lunsj, makadam, sjirting**), andre ikkje (som **accelerando, mackintosh** (eit slags tøy), **ranch, sheriff, shogun**). Det finst òg ein del valfridom, som vi har sett.

Samanhengen kan avgjere om det er rett å gje att eit framandord på det framande språket: **examen artium, anorexia nervosa**, og å gje det att i norvagensert form: **ta eksamen, anoreksi**.

Å vite om eit ord er lånord eller arveord, kan iblant vere viktig, for eksempel viss vi er i tvil om **in-/inn-** i byrjinga av ord. **In-** høyrer til i framandord, som tradisjonelt har trykkt på ei anna staving enn den første (eksempel: **invasjon**, mens **inn-** høyrer til i heimlege ord (som **innbyggjar**; dei har oftast trykk på første stavinga). Vi kan altså gå ut frå trykkplasseringa i ordet for å velje **in-** eller **inn-** rett. Men der etterleddet i eit ord med **in-** også blir brukt aleine, vil ein ofte leggje trykkt på **in-** for å markere motsetning: **habil – inhabil**. Her kan vi altså ikkje alltid bygge på trykkt.

Ein pluss to eller to pluss ein?

Framandorda har så å seie same skrivemåten på bokmål og nynorsk (eit unntak er **taxi**, som òg kan skrivast **taksi** på nynorsk). Dei er ofte bygde opp av ordstoff som vi ikkje kjenner så godt, og da kan vi ofte ta i miss. Men mange framandord har eit konsonantmønster som anten kan kallast 1 + 2 (**skjelett**) eller 2 + 1 (**eddik**). Somme har 2 + 2 (**satellitt**). Det er lett å blande saman mønstra og skrive for eksempel 1 + 2 der det skal vere 2 + 1, eller omvendt. Merk også desse:

1 + 2	2 + 1	2 + 2
abonnet	akkumulere	akkomodere
asymmetrisk	assonans	annullere
dilemma	assosiere	appell
dilettant	gallup	billett
dimittere	graffiti	kasset
emissær	litteratur	parallell
interesse	reddik	
kapellan	sennep	
kapittel	tunnel	
kolossal		
renessanse		
renommé		
tittel		

Når vi lagar verb på **-ere** av substantiv som **fabrikk** og **trafikk**, følger den siste doble konsonanten med, slik at det blir **fabrikkere, trafikere**. Men avleingane **fabrikant** og **trafikal** skal ha enkel konsonant. Merk derimot at **appell** for sin del gjev både **appellere** og **appellant** med dobbel konsonant. Slå opp i ordlista når du er i tvil.

Eitt eller to (fleire) ord?

Vi kan kome i tvil om vi har å gjere med eit einskildord eller ei ordgruppe. Som eksempel kan vi ta **iblant, ingenting** eller **ingen ting, utover** eller **ut over, til sammen / til saman** og **for så vidt**. **Iblant** høyrer til dei mange einskildorda i norsk som er samansette av to eller fleire andre ord (her i pluss **blant**). Vi kallar dei samansetningar. Ved **til sammen / til saman** og **for så vidt** har vi å gjere med ord som heng saman i grupper eller dannar faste uttrykk, men utan å ha smelta saman til eitt ord.

Der noko er skrive i eitt, utan mellomrom, kallar vi det *samanskiving*. Er orda eller ord-

delane skrivne kvar for seg, taler vi om *særskrivning*. I eksempla ovanfor viser den skrivemåten som er nytta, kva som er rett. Vi ser at ein kan velje mellom særskrivning og samanskriving ved somme av dei: **ingenting** eller **ingen ting**, **ut-over** eller **ut over**.

På dette punktet har rettskrivinga vore endra fleire gonger, og politikken har vore å innføre meir særskrivning. Men mykje gammal samanskriving heng att, og mange har problem med reglane. Er vi i tvil, må vi alltid slå opp i ordbøker. Jamfør 4.3.2.2.

Binde-s, binde-e

Dette er eit stort område, der ein kan skaffe seg betre og betre oversyn etter kvart. Språkkjensla er eit godt utgangspunkt, jamvel om ho må supplerast og korrigerast med skriftlege kjelder. Leira: *Ordlaging og ordelement i norsk* er ei nyttig bok her. Bruk også ordlista flittig! Nedanfor streifar vi nokre viktige og vanskelege punkt.

Der forleddet er eit verbalsubstantiv (og fortel om ei handling, ei verksemd, ein prosess e.l.), skal det dels vere *-s-*, dels er *-s-* valfri: **se/sjå – syn – synspunkt**, **høre/høyre – hørsel/høyrse** – **hørsels-/hørselsvern**, **varsle – varsel – varsel(s)trekant**. Her kan vi òg nemne **nedbør(s)område** (**bør** heng saman med **bære/ber**).

Endar verbalsubstantivet på *-ing*, blir det *-s-*: **hørings-/høyringsrunde**, **varslingsur**, **overvåkningstjeneste/overvåkingsteneste**. Etter personnemningar på *-ing* får vi derimot verken *-e-* eller *-s-*: **lærlingkontrakt**, **flyktingmottak**. Unntak er **islending(e)saga** med valfri *-e-*.

Er forleddet samansett, får vi ofte *-s-*. Det heiter **literflaske**, men **toliterflaske**, **steinmur**, men **gråsteinsmur**, **vinglass/-glas**, men **rødvinsglass/raudvinsglas**. Har eit samansett ord *-e-*, fell ofte *e-en* bort viss ordet blir utvida med samansetning også i forleddet: **lasteskip – tørrlasteskip**, **skattebetalar – hundeskattbetalar**. Eventuelt kan ein *-s-* kome inn i staden: **julestrid – førjulsstrid** (valfritt *-stri* på bokmål).

Slike treleddingar, som vi kallar dei, er ofte feller, og her kan ein konsulent som siste utveg overlate problemet til Språkrådet.

Skiljet mellom samansetningar og avleiingar kjem iblant til uttrykk ved at binde-s-en mang-

lar i avleiingar: **medlemsmøte** (samansetning) – **medlemskap** (avleiing), ikkje ***medlemsskap**. Men som vi ser av eit ord som **tidsmessig**, kan også avleiingar ha binde-s.

I mange tilfelle er det ingen fast regel for om det bør nyttast binde-s eller binde-e eller ikkje. Når vi er i tvil, kan vi slå opp i *Tanums store rettskrivningsordbok*, og ofte får vi da hjelp. Denne boka har svært mange samansetningar med, og finn vi ikkje "vårt" ord der (la oss seie **tobakksreklame**), kan vi likevel langt på veg ta oppføringane i boka som mønster (alle samansetningar med **tobakk-** som førsteledd har *-s-*, så vi kan trygt godta **tobakksreklame**). Så lenge ikkje spesielle forhold spelar inn, kan vi gjere dette i både bokmål og nynorsk, for reglane er for det meste dei same.

Sjå 5.1.1.

Konsonantforenkling

Når like konsonantar får enda ein konsonant lagd til på grunn av bøyning, blir oftast den eine av dei to som er like, teken vekk: **allmenn – allment**, **parallell – parallelt**.

Det er gjort nokre unntak for at den bøygdle forma skal bli eintydig. Ved eit ord som **full** ville konsonantforenkling til **fult** gjeve samanfall med inkjekjønning av **ful**. Av liknande grunnar bøyer vi slik: **viss – visst** (**vist** kunne kome av adjektivet **vis**). Merk at målformene her skil seg noko frå kvarandre. På bokmål heiter det **lesse – lesste** og **spiss – spisst**. På nynorsk er bøyinga derimot **lesse – leste** (**lese** er her eit sterkt verb og heiter **las** i preteritum) og **spiss – spist** (verbet **spise**, som gjev **spist** i partisipp, er ikkje god nynorsk; **ete** er det rette ordet).

Det er heller ikkje konsonantforenkling i avleidde adjektiv som **nordafjells**, der ein *-s* (opp-havleg genitiv) er hengd på ein substantivisk orddel, men derimot i **nordafjelsk**. I samansetningar blir konsonantar ikkje forenkla: **renn** pluss **leder/leiar** gjev **rennleder/rennleiar**, **kartell** pluss **dannelse/danning** gjev **kartelldannelse/kartell-danning**.

4.1.1.3 Alfabetisk liste over ortografiske feller i norsk

Nedanfor har vi sett opp eit oversyn over ortografiske feller som vi kan møte i manus på både

bokmål og nynorsk. Stjerne framføre ei form tyder at denne forma ikkje kan nyttast etter offisiell ortografi. Slike former er av svært ulike slag.

Sjå òg 4.1.2.3 (feller som berre finst i nynorsk) og 4.1.3.3 (feller som vi berre møter i bokmålsmanus).

a-feller

akvedukt (ikkje *akva-)
fremre, fremst (bøyingsformer av **fram**;
 ikkje *framre, *framst)
parentes (*parantes er ein vanleg feil)

ai-feller

bearnés, ikkje **bearnaise** (= saus)
bresere, ikkje ***braisere** (= steikje i fuktig varme)
hollandés, ikkje ***hollandaise** (= saus)

b- og bb-feller

abonntent er rett skrivemåte
 å **absorbere**, men ein **absorpsjon** (og **resorpsjon** o.l.)
 Bland ikkje saman **absorbere** og **adsorbere**
lab – laben (= laboratoriet)

c-feller

boikott(e), ikkje ***boycott(e)**
drik(k)s, ikkje ***dricks**
faktoring, ikkje ***factoring**
frilans(e), ikkje ***freelance**
handikap og **handikappe**
kan(e)vas, ikkje ***can(e)**-
kasjunøtt, ikkje ***cashew**-
kroki, ikkje ***croquis**
krål(e), ikkje ***crawl(e)** (symjemåte)
kybernetikk, ikkje ***cyber**-
musikal er rett form på norsk, ikkje *
musical
oppbakking, ikkje ***backing**
popkorn, ikkje ***popcorn**
sjirokko (ein slags vind), ikkje ***scirocco**
skanne og **skanner/skannar**, ikkje ***scanne**
 osv.
svesisme, ikkje **svecisme**
takle, ikkje ***tackle**
transe, ikkje ***trance**
trikk eller **triks**, ikkje ***trick(s)**

Merk også skrivemåtane **avokado**, **gokart**, **kabriolet**, **kardigan**, **karibu**, **maskara**, **pikkels**, **piknik** (bruk ordliste!).

ch-feller

lunsj, ikkje ***lunch**
posjere, ikkje ***pochere**
sjampinjong er obligatorisk, mens det er valfritt med **champagne** eller **sjampanje**
transjere, ikkje ***tranchere**
Tsjad (landsnamn) er rett skrivemåte (før ***Tchad**)

Jamfør h-feller.

d- og dd-feller

eddik skal skrivast slik
reddik skal skrivast slik
stemor (-far, -barn osv.) (nynorsk også **styk-**) skal ikkje ha -**d**, mens **sped(barn)** har obligatorisk -**d**
 Bland ikkje saman **adsorbere** og **absorbere**

e- og ee-feller

areal utan -e til slutt
brife, ikkje ***briefe**
frilans(e), ikkje ***freelance**
genitiv ikkje ***genetiv**
homøopat, ikkje ***homeo-**
innforstått, nynorsk også -**forstådd** (ikkje ***inne-**)
kjølvann/kjølvatn (etter ein båt; i **kjølvannet/kjølvatnet** av ("kjølevatn" = vatn til å avkjøle noko med))
milepæl, ikkje ***pel**
politi, ikkje ***poleti**
potensial utan -e til slutt
prototyp, ikkje ***type**
pæl, ikkje ***pel** (men det heiter **bopel** på bokmål)
ritual utan -e til slutt
saklig/sakleg
skattlegge/skattleggje utan binde-e, men **skatt(e)ytter/-ytar** og **skatteoppkrever/oppkrevjar**
træ (**træ** i en/ei nål); jamfør **tre** = gå, flytte seg, "tre i kraft" o.l.
økumenisk, ikkje ***eku-**

Det heiter **mer/meir** (utan -e til slutt), men **flere/fleire**.

Merk at **fluorisere** tyder "tilsetje fluor" og ikkje må blandast saman med **fluorescere** "sende ut lys ved bestråling".

Mange konsonantgrupper er det vanskeleg å uttale utan at det kjem ein e. Bruk ordliste for å sjå om e-en skal vere med i skriftforma av ordet.

Av ord som vi uttaler med kort æ-lyd, er det (nesten) berre **bæsje**, å **bæsje** og **færre** (av adjektivet **få**) som skal skrivast med æ.

ea-feller

gir, ikkje ***gear** (på bilar o.l.)
gris, ikkje ***grease** (smørjing)

eu-feller

føydal, ikkje ***feudal**
prøysser/prøyssar, **prøyssisk**, ikkje ***preusser/preussar**, ***preussisk** (men det heiter **Preussen**)

f- og ff-feller

aperitiff skal skrivast slik
graffiti er rett skrivemåte
vernissasje, ikkje ***fer-**

g- og gg-feller

avleggs er rett skrivemåte (ikkje ***avlegs**)
bag – bagen
bulldogg skal ha to g-ar
etasje, ikkje ***etage**
oransje, ikkje ***orange**
protesjé, ikkje ***protegé**
sjenert, ikkje ***genert**
sjenerøs, ikkje ***generøs**
sjenever, ikkje ***genever**
sjiraff, ikkje ***giraff**

h-feller

kasjunøtt, ikkje ***cashew-**
getto, ikkje ***ghetto**
sjampo, ikkje ***shampo(o)**
sja, **sjiisme**, **sjiitt** (i islam), ikkje ***shia** osv.
sjirting (eit stoff), ikkje ***shirting**
spagetti, ikkje ***spaghetti**

i-feller

bulleteng er den rette skrivemåten på norsk
gobeleng er den rette skrivemåten på norsk
kulminere, ikkje ***kuliminere**
oktroa (privilegium), ikkje ***oktroi**
onomatopoetikon, ikkje ***poie-**
privilegert, ikkje ***priviligert** (jamfør **privilegium**)
Tokyo (bynamn), ikkje ***Tokio**
Tyrol (landskapsnamn), ikkje ***Tirol**
fluorescere tyder "sende ut lys ved bestråling" og må ikkje blandast saman med **fluorisere** "tilsetje fluor"

j-feller

Det heiter **Kiev** eller **Kyiv** (by i Ukraina),
ikkje ***Kijev**
sjetong, ikkje ***jetong**

k- og kk-feller

akkomodere (to k-ar og to m-ar)
akkumulere (to k-ar og ein m)
fabrikkere (og **pre-**), ikkje ***fabrikere**, men **fabrikant**
kronikk, men **kronikør**
kvakksalver/kvakksalvar, ikkje ***kvaknikkers**, ikkje ***knickers**
rokere (jamfør **rokade**), ikkje ***rokkere**
sikksakk med to doble k-ar
sjikt, ikkje ***skikt**
trafikkere, men **trafikal** og **trafikannt**

l- og ll-feller

akselerere med ein l
allmenn – allment, **allmenning** og **allmuge**,
bokmål også **allmue** (men **alminnelig/**
alminneleg)
annullere med to n-ar og to l-ar
appell skal skrivast slik
ballett, ikkje ***balett**
billett skal skrivast slik
bulldogg skal ha to l-ar
dilemma er rett skrivemåte
dilettant skal skrivast slik
falby, ikkje ***fallby**
gallup med to l-ar og ein p
kapellan er rett skrivemåte
kolossal er rett skrivemåte
parallell har to gonger to l-ar

pilar, ikkje ***pillar**
satellitt er rett skrivemåte
skjelett er rett skrivemåte
vel som adverb og valfritt **vel()** som
 substantiv (= vellforeining); derimot **vell**
 (= fossevell; stor mengd)
villnis skal skrivast slik

m- og mm-feller

asymmetrisk (ikkje ***assymetrisk**)
akkomodere (to k-ar og to m-ar)
akkumulere (to k-ar og ein m)
dimittere (med ein m og to t-ar)
emissær skal skrivast slik
gym – gymmen (to m-ar i bunden form)
krim – krimmen (to m-ar i bunden form)
madammen/madamma (to m-ar i bunden
 form); **publikumet** eller **publikummet**
 er derimot valfritt, og ved en **publi-**
kummer / ein **publikum(m)ar** skil mål-
 formene lag
renommé, ikkje ***renomé**
trim – trimmen

n- og nn-feller

abonment er rett skrivemåte
annullere med to n-ar og to l-ar
assonans skal skrivast slik
diametral, ikkje ***diamentral**
hanndyr (og **dyrehann**) og valfritt
han(n)kjønn
innkassere, men **inkasso** (sjå nedanfor)
kjensgjerning er rett skrivemåte
konstatere (ikkje ***konstantere**)
ovenfor/ovanfor tyder "lenger oppe enn"
 og må ikkje blandast saman med
overfor, "vis-à-vis, andsynes"
pennal, ikkje ***penal**
renessanse skal skrivast slik
renommé, ikkje ***renomé**
resonere (= klinge med) må ikkje blandast
 saman med **resonnere** (= tenkje)
sennep skal skrivast slik
tunnel (ikkje ***tunell**)
vinding (på spolar o.l.), **hjernevinding**;
vinning er noko anna

o- og oo-feller

bumerang er den rette skrivemåten
håv (som i **fiskehåv**), jamfør **hov** (som i hes-
 tehov)

hålke (glatt føre), jamfør **hål** (= glatt)
lumpen, ikkje ***lompen** (adjektiv)
repertoar, ikkje ***reportoar**
rumpe, ikkje ***rompe**
 å **skålde** og et/eit **såld** er obligatoriske
 skrivemåtar
slalåm, ikkje ***slalom**
suvenir, ikkje ***souvenir**
trilogi (ikkje ***triologi**)
varsku (substantiv, verb), ikkje ***varsko**

Jamfør under u-feller.

p- og pp-feller

aperitiff er rett skrivemåte
appartement (lita leilegheit), ikkje ***aparte-**
appell skal skrivast slik
appetitt skal skrivast slik
biskop, men **biskoppelig/biskoppeleg**
gallup med to l-ar og ein p
kapellan er rett skrivemåte
kneipp, **kneippbrød** er obligatoriske
 skrivemåtar
prinsipp, men **prinsipiell**

q-feller

kat (plante, narkotisk stoff)
kroki, ikkje ***croquis**
mannekeng er obligatorisk skrivemåte

Når vi overfører engelske fagord til norsk
 skrivemåte, skal **qu** som regel endrast til **kv**:
kvarts, ikkje ***quartz**

r- og rr-feller

interesse skal ha berre ein r (men to s-ar)
kare (til seg), ikkje ***karre**
pare, ikkje ***parre** (verb)
slure, ikkje ***slurre** (verb)
terrasse skal skrivast slik

s- og ss-feller

assonans skal skrivast slik
assosiere er rett skrivemåte
asymmetrisk (ikkje ***assymetrisk**)
berberis, ikkje ***berberiss**
dessverre skal ha to s-ar
emissær skal skrivast slik
impresario, ikkje ***impressario**

kabinetsspørsmål (med binde-s)
kassett, ikkje ***kasett**
kolossal er rett skrivemåte
konfutsianisme, **konfutsiansk** er dei rette skrivemåtane (tidlegare utan t)
medlemskap, ikkje ***medlemsskap** (men **medlemsmøte**)
midnattssol (med binde-s)
oson er ein type sukker og må ikkje forvekslast med **ozon** (O₃)
renessanse skal skrivast slik
rettssak, **rettssal** (med binde-s)
sinnssjuk, bokmål også **sinnssyk** (med binde-s)
sjeflege (= sjef blant legane) – **sjefslege** (lege for sjefane)
trussel (nynorsk også **trugsel**, **trugsmål**), ikkje ***trusel**
tussmørke er rett skrivemåte
verkstedindustri/verkstadindustri (ikkje binde-s i samansetningar: ***verksteds-/*verkstads-**)
villnis skal skrivast slik
vice versa, ikkje ***visе versa**

t- og tt-feller

appetitt skal skrivast slik
billett skal skrivast slik
dilettant skal skrivast slik
dimittere (med ein m og to t-ar)
diskré tyder "forsiktig, varsam", mens **diskret** er "særskild, åtskild" (datauttrykk)
elektrolytt, men **elektrolytisk**
flatstål, ikkje ***flatt-**
graffiti er rett skrivemåte
handverk, bokmål også **hånd-**, ikkje ***handtverk (*håndt-)**
høylønnsgruppe/høglønsgruppe (og **lavlønns-/lågløns-**), men **høy-** eller **høytlønnet / høg-** eller **høgtlont** osv. (valfritt som adjektiv)
høytravende/hogttravande (førsteleddet er **høyt-/høgt-**)
håndverk/handverk, ikkje ***håndtverk/*handtverk**
kapittel er rett skrivemåte (**kapitel**, med trykk på siste stavinga, er noko anna; bruk ordboka!)
kassett, ikkje ***kasett**

litteratur er rett skrivemåte
merittere er rett skrivemåte
profittere, men **profitabel** og **profitør**
satellitt er den rette skrivemåten
splittkein, ikkje ***split-tittel**, ikkje ***titel**

u- og uu-feller

fondy, ikkje ***fondue**
girlander, ikkje ***guirlander**
koffert, ikkje ***kuffert**
lompe, ikkje ***lumpe** (potetlelse; men det heiter **lumpen**, adjektiv)
vakuum, ikkje ***vakum**

Jamfør under o- og oo-feller.

v-feller

eutanasi, ikkje ***ev-**
fiolett, ikkje ***violett** (men v-en har overlevd i forkortinga **UV** = ultrafiolett)
fiolin, ikkje ***violin**

w-feller

krål, ikkje ***crawl** (symjemåte)
vater (= vaterpass), ikkje ***water**

x-feller

miksmaster, ikkje ***mixmaster**
telefaks og **fakse** (verb) er dei rette skrivemåtane

y-feller

foajé, ikkje ***foyer**
oksid, **oksidere** er rett skrivemåte
oktroa (privilegium) og **oktroajere**, ikkje ***oktroy** osv.
Merk talorda **sju**, **sjuende/sjuande**, **tjue**, **tjuende/tjuande**

z-feller

blits, ikkje ***blitz**
ozon (O₃) må ikkje blandast saman med **oson**, som er ein type sukker

æ-feller

***værre** er feil for **verre**

ø-feller

ødipuskompleks (ikkje *oidipus-), men kong **Oidipus**

å-feller

hov (som i **hestehov**), jamfør **håv** (som i fiskehåv)

Andre feller

anorexia nervosa, men **anoreksi** og **nevrose** eller **neurose**

endiv, ikkje ***endivie** (= salat)

entreprise, ikkje ***enter-**

entreprenør, ikkje ***penør**

ekstrinsisk, ikkje ***trinsik**

fluidum, ikkje ***fludium**

hal, ikkje ***halv** i uttrykket **stopp en hal** (kjem av engelsk "stop and haul")

handtere, bokmål også **håndtere**, er rette skrivemåtar (d-en skal vere med)

intrinsisk, ikkje ***trinsik**

klokketro/klokkartru (ikkje ***klokke-**)

kontingent, ikkje ***kontigent**

legitimasjon, ikkje ***mita-**

manøver, ikkje ***manøvre**

massakre, ikkje ***massaker**

meteorologi (vervitskap; jamfør **meteor**) (**metrologi** er læra om mål og vekt)

minke tyder "bli mindre", mens **minske** tyder "gjere mindre"

nemnd, n-en må vere med

mysli, ikkje ***müsli**

saktne tyder "setje ned farten", **sakne** (bokmål også **savne**) tyder "mangle", "lengte etter"

til gagns, ikkje ***til gangs**

4.1.2 Om ortografien i nynorsk**4.1.2.1 Valfridom og konsekvensretting i nynorsk**

Forfattarar skal altså halde ei linje i valet av former. Veksling mellom ulike tillatne former av det same ordet, som **sigle** og **segle**, er vakling og skal vanlegvis utjamnast med raudt. Derimot godtek vi sjølvstakt at ein forfattar kombinerer ulike ord for same saka (som **krig** og **ufred**, **samtidig** og **samstundes**).

Innanfor læreboknormalen for nynorsk har ord med **n**, **p**, **t** og **s** ofte valfritt enkel konsonant eller dobbelskriving: **brot(t)**, **drøn(n)**, **fok(k)**,

glis(s)en, **kjø(k)en**, **kjø(t)**, **krøt(t)er**, **lok(k)**, **løn(n)**, **mon(n)**, **skit(t)en**, **skjøn(n)**, **skot(t)**, **ven(n)**, **vett** eller **vit**, **vis(s)en**. Til vanleg må vi krevje konsekvens ved kvart av desse orda.

Skal vi krevje konsekvens innanfor heile grupper av ord? Vi har for det første ord som er "i slekt": avleiingar, samansetningar. Til vanleg bør vi trekkje desse to typene inn under konsekvenskravet, slik at **løn** og **løne** får følgje av **lønsam**, **lønsemd** og **lønsoppgjjer** og **ven** av **venleg**, **vensemd (venskap)**, **venekrins** eller omvendt: **lønn**, **lønne** osv., **venn**, **vennleg** osv. Etterledda **-dom**, bunden form **-dom(m)en** (som i **barndom(m)en**) og **-døm(m)e** (som i **bispedøm(m)et**) står noko lenger frå kvarandre. Her krev vi konsekvens med raudt for kvar ending (viss **barndommen** er brukt, må ein skrive **kristendommen**, osv.), og vi kan rå til utjamning mellom ord på **-dommen** og ord på **-dømet**. (I parentes minner vi om at rettstermane **dømme** (verb), **dommen** (og andre bøyingsformer av substantivet **dom**) og **dommar** (substantiv) har to m-ar obligatorisk, mens **døme** (= eksempel) har ein.)

I dei tilfella der vi har parverb – eit sterkt utan jog eit lint (transitivt) med j (**henge** – **hengje**, **knekke** – **knekkje** osv.) – er det valfritt med j-en i avleiingar og samansetningar som kan knytast til begge verba: (**tilheng(j)ar**, **heng(j)ebrau**, **søkk(j)emyr**. Her bør vi passe på at det finst eit system, slik at vi jamnar ut med raudt mellom alle ord som inneheld morfemet **heng**, for eksempel.

Kva gjer vi så med ord som inneheld same konsonanten, men utan at det er etymologisk slektskap?

Dersom ein skriv for eksempel **løn** og **løne**, kan det vere rimeleg (men ikkje noko krav) at ein følgjer opp med ein **ven**, fleire **venner**. Ein **m** kan dobbelskrivast i blant anna **ham(m)ar**, **kom(m)e**, **medlem(m)en**, **søm(m)e** (seg). Vel ein **medlemen**, må ein sjølvstakt skrive **medlemer**, **medlemene**, og vi kan vurdere å rå til **kome** med blyant. Omvendt kan det høve med **komme** om ein skriv **medlemmen**. Ei tilsvarande tilråding kan vi kome med ved ord som har eller hadde det gamle konsonantsambandet **rd**, der ein kan sløyfe d-en i **skar(d)**, **skur(d)** (men ikkje i **treskurd**), **svor(d)** og **ur(d)**, og det same gjeld

ved **hu(v)e**, **lu(v)e**, **tu(v)e**, **skru(v)e** (verb og substantiv), der v-en er valfri. Veksling i ulike ord bør til vanleg berre utjamnast med blyant.

Vi kan altså ikkje krevje konsekvens i alle ord med den same valfrie dobbelkonsonanten, og vi kan slett ikkje krevje konsekvens frå bokstav til bokstav. **Lønn** kan godt kombinerast med **brot**, men det må vere rom for skjøn og vurdering. Sjå etter kva som synest å vere hovudmønsteret i manus, og hugs at både skrifttradisjonen og talemålsgrunnlaget til forfattarane kan liggje til grunn for eit medvite formval. Vurder om det er rimeleg å rå til utjamning av former på dette grunnlaget. Er det ikkje heilt klart slik, skal vi ikkje gjere noko.

Når det gjeld vokalar, kan ein ofte velje mellom valfrie former med ulik vokal: **gi** eller **gje(ve)**, **middels** eller **medels**, **segle** eller **sigle**, **vett** eller **vit**, **lege** eller **lækjar**, **nærvær(e)** eller **nærvere**, **fyrst** eller **først**, **lygn** eller **løgn**, **nykel** eller **nøkkel** (eller **lykel**), **tynne** eller **tønne**, **tyrst** eller **tørst**, **ynske** eller **ønske** (substantiv), **ynskje** eller **ønskje** (verb), **skole** eller **skule**, **stue** eller **stove**, **aleine** eller **åleine**, **da** eller **då**, **klar** eller **klår**, **fjære** eller **fjøre** (substantiv), **søvn** eller **svevn**, **jern** eller **jarn**, **fremmend** eller **framand**, **lykke** eller **lukke**, **skyld** eller **skuld**, **skylde** eller **skulde**, **skyldig** eller **skuldig**, **skye** eller **skuve**, **søndag** eller **sundag**, **flåte** eller **flote**, **kylling** eller **kjukling**, **lyd** eller **ljod**, **spyd** eller **spjut** osv. Valfrie former med diftong er **død** eller **daude** (substantiv), **død** eller **daud** (adjektiv), **døv** eller **dauv**, **løk** eller **lauk**, **nød** eller **naud**, **gjespe** eller **geispe**, **høre** eller **høyre**, **kjøre** eller **køyre**, **rør** eller **røyr**, **røst** eller **røyst** (substantiv), **røste** eller **røyste** (verb), **trøst** eller **trøyst** (substantiv), **trøste** eller **trøyste** (verb), **trøtt** eller **trøytt** o.a.

Her gjeld dei same konsekvenskrava som for konsonantar. For eksempel er **ynskje** og **ønskje** same verbet i to bunader, og ein forfattar må velje alternativ og nytte det konsekvent, og den same vokalen må gjennomførast i substantivet: eit **ynske** eller eit **ønske**. Det heiter òg **ynskjeleg** (**ynskeleg**) eller **ønskjeleg** (**ønskeleg**), i samansetningar **ynsk(j)eliste** eller **ønsk(j)eliste**, og vi krev konsekvens med raudt heile vegen. Eit tilsvarande krav gjeld i valet mellom **fyrst** og **først**. Derimot kan vi ikkje krevje kop-

ling mellom **ynske** og **fyrst** og mellom **ønske** og **først**. Også **tyrst** og **fyrst** er ulike ord og må få stå med ulik vokal.

Alt i alt kan vi ikkje rekne med noko heilskapleg system der visse konsonantløysingar må kombinerast med visse vokalløysingar under krav om gjennomføring med raudt.

Ved ein del ord (preposisjonar og adverb) kan vi velje mellom former med og utan konsonanten **n**: **borta(n)for**, **frama(n)for**, **inna(n)for**, **neda(n)for**, **ova(n)for**, **uta(n)for** og dessutan ord med etterledd som **-frå** (**borta(n)frå** o.a.). Dette er ei "familiegruppe" som vi lett kjenner att, og vi kan jamne ut vakling i skrivemåten for alle ord i gruppa under eitt (står det **bortanfor**, bør ein òg nytte **ovanfrå**, og tilsvarande). Vi kan bruke raudt til dette. Står former utan **-n**- (som **utafor**) saman med **Utanriksdepartementet**, må vi godta det, for namnet på departementet er eit særnamn og må ha den forma.

Ved **norda(n)til** har ein òg valfridom, og det er rimeleg å jamne ut vakling slik at det blir samsvar med gruppa på **borta-** eller **bortan-**osv. Elles skal det på nynorsk vere **norda-** framføre konsonant (**nordafrå**) og **nordan-** framføre vokal (**nordanom**).

Hugs òg valet mellom **eigenleg** og **eigentleg** og mellom **mogleg** og **mogeleg** (krev konsekvens ved kvart ord).

Vi kjem ikkje utanom vurderingar av kva som er ortografiske variantar, og kva som er sjølvstendige ord. Ovanfor er **samtidig** og **samstundes** nemnde som eksempel på ulike ord, og det er sagt at skifting mellom dei ikkje er vakling. Men ved nokre vanlege adverb, preposisjonar og pronomen kan ein velje mellom variantar med temmeleg ulik form, men nøyaktig same bruksmåten. Da er det rimeleg at dei ikkje skal nyttast om kvarandre, men bør konsekvensrettast.

Det gjeld for eksempel **difor** og **derfor**, der vi bør jamne ut veksling med raudt, enda uttalen jo tyder på at det ikkje berre er ortografisk skilnad mellom dei. Det er likevel greitt å rekne med at dei er variantar av same ordet. Sameleis jamnar vi ut veksling mellom **korfor** og **kvifor**. **Da** og **då** er utan tvil variantar av det same, på same måten som **medan** og **mens** (og variantane med **i-** framføre). Preposisjonane **hos** og **hjà** er historisk sett ulike ord, men likevel oppførte i ord-

bøkene som variantar, så vi bør jamne ut veksling også mellom dei med raudt. Pronomena **begge** og **båe** får vi òg rekne som valfrie variantar. Veksling her skal derfor konsekvensrettast.

Kva gjer vi der det er etymologisk samband mellom ord på tvers av tyding og funksjon? Det kjem an på kva ord det er tale om. Skriv ein **difor**, bør ein òg skrive **diverre** (ikkje **dessverre**) og **di** (ikkje **dess**) framføre komparativ i samanlikningar som **di fleire kokkar**, **di meir søl**). Her kan vi jamne ut med raudpenn eller blyant. Derimot bør vi ikkje krevje at forfattaren anten kombinerer **kvifor** med **difor** eller **korfor** med **derfor** (vi kan eventuelt rå til utjamning), for her er avstanden i tyding, funksjon og ordstoff større.

Litt for seg står valfridommen i ord som **mye** eller **mykje**. Også her reknar vi med variantar og jamnar ut veksling med raudt.

Nynorsk har teke opp ein del former som skil seg ut ikkje berre i skrivemåten, men med heile ordstoffet. Det gjeld nokre av ordformene ovanfor og i tillegg blant anna **verken**, som er jamstilt med **korkje**, **veps**, som svarer til **kvefs**, og **enkelt**, som står attmed **einskild**. Tradisjonelt har den første varianten i desse para hatt eit merke som radikal og bokmålsnær, den sistnemnde som tradisjonell og bokmålsfjern. Vi held fast ved at dette er variantar, og kan jamne ut veksling med raudt. Samtidig kjem det inn at folk kan sjå ulikt på dette, så vi bør passe oss for å gå så langt at forfattaren reagerer negativt.

4.1.2.2 Ortografiske feller i nynorsk

Sambanda g(g) og k(k) pluss j

Merk at j-en skal vere med i konsonantsambanda **ggj**, **kkj**, **ngj**, **nkj**, **rkj**, **skj** og ved vokal pluss **kj** innanfor læreboknormalen. Det gjeld mest substantiv av hokjønn og verb: **bryggje**, **byggje**, **leggje**, **liggje**, **tryggje**, **langskjeggja** og **tynnveggja** (adjektiv); **dekkje**, **svekkje**, **søkkje** (få til å søkke), **trykkje**, **vekkje**; **slyngje**, **sprengje**, **stengje**, **syngje**; **enkje** (substantiv), **krenkje**, **tenkje**; **styrkje**, **treskje**, **ønskje** eller **ynskje** (verb); **lækje**, **røykje**, **steikje**, **søkje**; **følgje**, **sørgje**. Derimot skal det til vanleg ikkje vere j i inkjekjønnsord: **eit dekke**, **eit merke**, **eit stykke**, **eit ønske** eller **ynske** (unntak: **eit følgje**), og heller ikkje framføre ing-forma: **utlegging**, **tildekking** osv.

Pass på ein del parverb – eit sterkt utan j og

eit lint (transitivt) med j: **henge** (eller **hange**) – **hengje**, **knekke** – **knekkje**, **slenge** – **slengje**, **strekke** – **strekkje**, **søkke** – **søkkje**, **trengje** (ha bruk for) – **trengje** (seg fram). Sjå òg 4.2.2.2.

I nokre verb har gj falle bort i infinitiv og presens, men gkjem inn att i preteritum og perfektum: **bøye** – **bøygde** (slik også **smøye** og **tøye**), **pløye** – **pløgde** (slik også **nøye** og **sløye**), **teie** – **tagde**, **vie** – **vigde**, **dry(g)e** – **drygde**. Merk at nynorsk ikkje har nokon gi ord som **selje**, **sal**; **velje**, **val**; **ferje**.

Binde-s?

Vatn blir som regel til (-)vass- i samansetningar på nynorsk: **vassause**, **vasskanon**, **undervassbåt**, **drikkevasskjelde**. Men formene **fostervatnprøve**, **hårvatnflaske**, **mineralvatnfabrikk** og **tungtvatnsabotør** er valfrie attåt dei tilsvarande på (-)vass-: **fostervassprøve** osv.

Nyare nynorskformer i motsetning til eldre

På ein del punkt har skrivemåten skifta, og endringane gjeld både vokalar og konsonantar. Innanfor læreboknormalen må ein no skrive for eksempel **seter**, **skremme**; **sær-**; **gløtt**, **mørk**, **sølv**, **sørgje**, **vørndad**; **nykk** (eit vette); **sommar**, **somme**; **tann**; **klippe** (verb); **tynn**; **tørke**, **tørr**; **by(de)**, **skyte**; **så** (adverb, konjunksjon). Her var det før andre former som var lærebokformene, men dei er no sideformer ([**sæter**], [**skræmel**] o.a.) og skal ikkje brukast. Vidare får ord med m i dag oftast dobbelskriving i innlyd: **dommen**, **dømme** (verb), **gammal**, **lamme**, **plomme**, **rommet**, **rømme**, **stramme**, **tamme** (adjektiv), **tomme**, **tømme**. Også desse formene har eller hadde variantar ([**domen**], [**døme**], [**gamal**] o.a.) som vi må rette om vi møter dei i lærebokmanus.

Nynorsk har òg teke inn nokre former som er tilnærmingar til bokmål. Dei må vi kjenne. Blant anna er det lov å nytte **viss** som hovudform (adverb, konjunksjon): **viss du kjem i morgon**...

4.1.2.3 Alfabetisk liste over ortografiske feller i nynorsk

Sjå òg 4.1.1.3 og 4.1.3.3. Former som står med stjerne (*), er galne, og former som står i hakeparentes – [...] – er sideformer og skal heller ikkje nyttast.

a-feller**berr, berre** (ikkje [bar], [bare])**frå**, ikkje ***fra****gong** er rett skrivemåte i **det var ein gong**,ikkje **eingong**, **kvar gong**, **gonging**,**gongetabell**, jamfør **gang****gåve**, ikkje ***gave****låg** (adjektiv), ikkje ***lav****merg** (beinmerg, ryggmerg, men **marg** =
kant på papir)**måndag**, ikkje ***mandag****okle**, ikkje ***ankel****oske**, ikkje ***aske****song**, ikkje ***sang****stong**, ikkje ***stang****trekt** (= reiskap med tut, men **trakt** = område)**trong**, ikkje ***trang****d-feller****reiar** er den rette forma**spreiar** er den rette forma**strid**, ikkje ***stri** (adjektiv og substantiv),**stri(de)** er verb**e-feller****anten** ([**enten**] er sideform)**breidd**, ikkje ***breidde****gjæv**, ikkje ***gjev****gløyme** ([**glømme**] er sideform)**gøyme** ([**gjømme**] er sideform)**hovud-**, ikkje ***hoved-** (i samansetningar)**høgd** (vi kan nytte **høgde** berre i **hoppe høgde**)**kinne** (til smør; men **kjerne** = sentral del)**leiar** er den rette forma**leilegheit** (hugs **-ei-** også i andre ord på**-heit**), ***leilighet** osv. er bokmål**lengd**, ikkje ***lengde****massing** ([**messing**] er sideform)**mengd**, ikkje ***mengde****nagl**, ikkje ***negl****reiar** er den rette forma**spreiar** er den rette forma**stad**, ikkje ***sted****træl**, ikkje ***trell****tvitydig**, ikkje ***tve-****utan**, ikkje ***uten****ei-feller****en**, ikkje ***ein** i uttrykket **stopp en hal** (kjem
av engelsk "stop and haul")**hete** (= sterk varme; jamfør adjektivet **heit**)**oppgheta, oppgheting**, ikkje former med
-heit-**.**g-feller*følge** er alltid rett skrivemåte av substantivet

utan omsyn til tyding og grammatisk

kjønn

sal, selje, ikkje ***salg**, ***selge****val, velje**, ikkje ***valg**, ***velge****i-feller****kjelde**, ikkje ***kilde****roleg** ([**rolig**] er sideform); etterleddet i slikeadjektiv er altså **-leg**, men det er valfrittmed **billeg** eller **billig**, og **kjølig** er obli-gatorisk (av **kjøl** pluss **-ig**)**skjene** (substantiv; ikkje ***skinne**)**skjelpadde** er obligatorisk**stig** (smal gangveg; ikkje ***sti**)**tysdag** (ikkje ***tirsdag**)**verke** (a-verb; = funksjonere) (ikkje ***virke**)**k-feller****verkje** (e-verb; = gjere vondt) (**verke** som
hovudform tyder "funksjonere")**ll-feller****skal** (substantiv), ikkje ***skall****tal, telje**, ikkje ***tall**, ***telle****mm-feller****same** (pronomen), ikkje ***samme****n- og nn-feller****forsking**, ikkje ***forskning****jamn**, men **jamsides**, **jamstelle** eller **-stille**
utan **-n-****nokolunde**, ikkje ***nokon-****skindaud** eller **-død**, ikkje ***skinn-****skine** (verb), ikkje ***skinne**, (**sol**)**skin****skinnsalong****skjene**, ikkje ***skinne** (jernbaneskjene o.a.)**skjønnlitteratur**, ikkje ***skjøn-**, men **skjøn(n)**

(= dømmekraft)

venje (seg til noko), ikkje ***venne****o-feller****bu**, ikkje ***bo**

dokter tyder "lækjar" (**doktor** er ein akademisk grad)

flaum ([**flom**] er sideform)

fløyme ([**flømme**] er sideform)

gang tyder "det å gå", "entré" (setje i gang), jamfør **gong**

halde, underhalde, ikkje *(-)holde (men

haldning eller **holdning** = "attityde" er valfritt)

kufte, ikkje *koft

krunglet(e) eller **krunglut** (ikkje *krong-)

vald, ikkje *vold

vekse, ikkje *vokse

r-feller

elles, ikkje *ellers

ss-feller

glasere med ein s (valfritt ein eller to på bokmål)

t- og tt-feller

krit, ikkje *kritt

krut, ikkje *krutt

munntleg, ikkje *muntleg

Merk skilnaden mellom eit **byte** (skifte) og eit **bytte** (rov). **Utbytt(e)** er valfritt

u-feller

bod, ikkje *bud

før (plogfør) (ikkje *fure)

v-feller

hamn, ikkje *havn

namn, ikkje *navn

omn, ikkje *ovn (men det heiter **sovne** og **søvn** eller **svevn**)

sakn, ikkje *savn

virvel (bein i ryggrada; ***straumvirvel** er feil for **straumkvervel**)

y-feller

bølgje ([**bylgje**] er sideform)

følgje ([**fylgje**] er sideform)

kunnig (og **sakkunnig**), ikkje *-kyndig

æ-feller

bere, ikkje *bære

klede, ikkje *klær

lêr, viskelêr (ikkje *(-)lær)

skjere, ikkje *skjære

vêr, ikkje *vær

vere, ikkje *være

ø-feller

bytte ([**bøtte**] er sideform)

draum ([**drøm**] er sideform)

drøyme ([**drømme**] er sideform)

døy ([**dø**] er sideform)

fløyte, ikkje *fløte (substantiv og verb)

laurdag (men **sundag** eller **søndag**)

lausne eller **losne** (= bli laus, misse festet), jamfør **løyse** (= gjere laus)

lyfte (verb; [**løfte**] er sideform)

nyste ([**nøste**] er sideform)

straum ([**strøm**] er sideform)

strøyme ([**strømme**] er sideform)

stynje ([**stønne**] er sideform)

symje

sysken(barn) ([**søsken(-)**] er sideform)

syster ([**søster**] er sideform)

øyre ([**øre**] er sideform) (mynten heiter **øre**)

å-feller

drope ([**dråpe**] er sideform)

gard (også om bygard)

moke er rett skrivemåte (**moke snø**)

opne, ikkje *åpne

roten, ikkje *råten eller *råtten

tole (og **tolmod, tolmodig, ømtolig** osv.)

(skrivemåtane med [-å-] er sideformer)

4.1.3 Om ortografien i bokmål

4.1.3.1 Valgfrihet og konsekvensretting i bokmål

Å veksle mellom **ligne** og **likne** er vakling. Veksling mellom **noen gang** og **noensinne** kan derimot være variasjon i språkbruken, for dette er ulike ord, ikke bare valgfrie skrivemåter. I arbeid med bokmålsmanus utjamner vi det første, men ikke det andre.

Mange ord i bokmål har fra tidligere parallelle former med konsonanter som k eller g, p eller b, teller d, g eller v, med ulik rotvokal eller med diftong/monoftong. I en del tilfeller er den ene formen nå obligatorisk innenfor læreboknormalen, i andre har en valgfrihet.

Ved konsonantpar er det valgfrihet blant an-

net ved substantiv som **drake** eller **drage**, **kopper** eller **kobber**, **krage** eller **krave**, **mage** eller **mave**, **mekler** eller **megler** og **sakn** eller **savn**, ved verb som **kople** eller **koble**, **likne** eller **ligne** og **rekne** eller **regne** og ved adjektiv som **lek** eller **leg** og **tiltakende** eller **tiltagende** (og **avdel-**, **nær-** o.l.).

Når det gjelder vokalpar, er valgfriheten stor: **band** eller **bånd**, **hand** eller **hånd**; **fram** eller **frem**; **bjørk** eller **bjerk**, **fjøl** eller **fjel**; **fjør** eller **fjær**; **dogg** eller **dugg**; **gard** eller **gård**; **golv** eller **gulv**, **hogg(e)** eller **hugg(e)**, **koft** eller **kufte**, **kronglet(e)** eller **krunglet(e)**, **molte** eller **multe**, **slokke** eller **slukke**; **bru** eller **bro**, **tru** eller **tro**; **mjøl** eller **mel**, **mjolk** eller **melk**; **djup** eller **dyp**, **mjuk** eller **myk**, **sjuk** eller **syk**, **tjuv** eller **tyv**. Iblant er både vokal og konsonant ulike: **gras** eller **gress**; **brott** eller **brudd**, **skott** eller **skudd**; **jamn** eller **jevn**; **korg** eller **kurv**; **lyge** eller **ljuge** eller **lyve**; **svart** eller **sort**; **sjøl** eller **selv**; **sør** eller **syd** ofl.

Ved en del ord kan man velge monoftong eller diftong innenfor læreboknormalen: **blaut** eller **bløt** (adjektiv), **laus** eller **løs**, **lauv** eller **løv**, **skaut** eller **skjøt** (av **skytte**); **aleine** eller **alene**, **bein** eller **ben**, **blei** eller **ble** (av **bli**), **bleik** eller **blek**, **brei** eller **bred**, **feit** eller **fet**, **grein** eller **gren**, **heim** eller **hjem**, **leik** eller **lek**, **meine** eller **mene**, **reim** eller **rem**, **rein** eller **ren** (adjektiv), **sein** eller **sen**, **skeiv** eller **skjev**, **steik(e)** eller **stek(e)**, **vei** eller **veg**, **veit** eller **vet** (av **vite**); **bløyt** eller **bløt** (**legge i blø(y)t**); **støype** eller **støpe** o.a.

Skrivemåten kan skifte med ordklassen. Merk at d-en er valgfri i et adjektiv som **strid** eller **stri**, men ikke i substantivene **strid** ("kamp") og **stri** ("hardt arbeid"). Verbet er **stri(de)**.

Ved veksling mellom former i valgfrie par utjamner vi i utgangspunktet med rødt for hvert ord og tar med sammensetninger og avledninger i den samme sekken. **Ligne** trekker med seg **sammenligning** (ikke -k-) og omvendt, **fram** bør også gi **framgang**, **framstå** (ikke -e-) og omvendt. Eneformer som **framifrå** og **fremdeles** kan likevel kombineres med henholdsvis **frem** og **fram** med sammensetninger. En kombinasjon som **sjøl – selvfølgelig** ligger på grensa mellom det akseptable og det uakseptable. Ved idiomer med spesiell stilvalør, som **en rem** av

huden, **intet nytt under solen** kan vi tilrå utjamning hvis de avviker fra former som ellers er benyttet (**reim**, **sola**). Rødretting bør ikke brukes.

En del retningsord (adverb, preposisjoner) har valgfrie former: **ovenfor** eller **ovafor** (**neden-** eller **neda-** o.a.). Det samme gjelder **nordenfor** eller **nordafor** (**sønnen-** eller **sønna-** osv.) og tilsvarende ord på **-fra**: **nordenfra** eller **nordafra** (ved siden av **nordfra**) osv. Her bør vi kreve konsekvens for alle former under ett. Også **nordafjells** og **nordenfjells**, **nordafjelsk** og **nordenfjelsk** osv. er jamstilte. (Derimot er **nordablåst**, **ovenifra**, **ovenstående** ofl. obligatoriske former; se ordbøkene.)

Former i mange av de valgfrie parene har fra gammelt hengt sammen i "knipper" som kan knyttes til forskjellige tradisjoner i bokmål (moderat eller konservativt – radikalt). Hvordan skal vi stille oss til dette?

Som konsulenter bør vi generelt ikke gå særlig langt når det gjelder å utjamne veksling mellom ulike ord. Kombinerer en forfatter for eksempel **sein** og **steke**, kan vi vurdere å foreslå utjamning (til enten **sen – steke** eller **sein – steike**), men ikke rette, og sjøl forslag bør vi trolig avstå fra, blant annet av praktiske grunner. "Over bokstavgrensene" (med utjamning for eksempel fra **sein** til **sen** fordi det også står **bløt**, ikke **blaut**) bør vi vanligvis ikke gå. Valget av skrivemåter bør også ses i sammenheng med valget av bøyingsformer.

At flere former er tillatt, betyr ikke nødvendigvis at de er like vanlige i lærebokmanus. En skrivemåte skal i prinsippet rettes hvis den ikke står i ajourførte ordbøker, og godtas hvis den gjør det. Vi må ikke se det som vår oppgave å utrydde sjeldne, men tillatte former. Det er mulig å kombinere hensyn som tydelighet, flyt, variasjon og særpreg.

4.1.3.2 Ortografiske feller i bokmål

Moderate (konservative) og radikale former

En del former med tradisjon i bokmål og tidligere riksmål har i dag ikke lenger noen plass innenfor læreboknormal eller rettskrivning. Det gjelder slike som **efter**, **nu**, **sne**, **sprog**. På den annen side er det i læreboknormalen for bokmål fortsatt plass for radikale former som **åssen**, **framleis**, **høg**.

I avledninger av **ta** er formene med **-g-** (**[antagelig]** o.a.) sideformer, som ikke skal brukes i lærebøker. Men der endingen er **-ende**, har vi valgfrihet (**foretagende** eller **foretakende** o.a.).

Det er stadig en del forfattere som ikke har godtatt at h ble tatt vekk i framlyd i en del ord i bokmål i 1959. Men **verken** og noen tilsvarende former er obligatoriske skrivemåter.

4.1.3.3 Alfabetisk liste over ortografiske feller i bokmål

Former med stjerne kan ikke brukes i norsk etter de offisielle reglene. Former i hakeparentes er sideformer og hører heller ikke hjemme i lærebøker. Se også 4.1.1.3 og 4.1.2.3.

a-feller

fremad, **fremdeles**, **fremragende** (ikke ***fram-**)

b-feller

foreløpig, ikke ***foreløbig**
gruve, **fallgruve**, ikke ***(-)grube**
lepestift, ikke ***lebe-**
streve (= slite) må ikke forveksles med **stre-**
be (= hige)

d-feller

annerledes, ikke ***ander-**
atferd, **atkomst**, **atskillig**, **atskille** (**skille**
at), **atspredelse**, ikke ***ad-** (men **adgang**
ofl., se under t-feller)
embete, ikke ***embede**
evinnelig, ikke ***evindelig**
fyllest, ikke ***fyldest**
gyllen, ikke ***gylden**
hulle, **hylling**, **hyllest**, ikke ***hylde** osv.
sannelig, ikke ***sandelig**
venne (seg til noe) (**vende** betyr noe annet)
venninne (o.l.), ikke ***-inde**
vitenskap, **vitenskapelig** osv., ikke ***viden-**
vitne, ikke ***vidne**

e-feller

arbeid (substantiv), ikke ***arbeide**
banneord (**bannord** bare på nynorsk)
forsettlig (f. **drap**), ikke ***forsettelig**; men
foren(e)lig og **uforen(e)lig** har valgfri **-e-**
innvarsle (ikke ***inne-**)

saklig, men **hovedsakelig**
snø er eneform (ikke ***sne**)
stein er eneform, men: **edelste(i)n** er valgfritt
reinsdyr (obligatorisk diftong)

f-feller

etter, også i sammensetninger, ikke ***efter(-)**

g-feller

antakelig er riktig (**[antagelig]** er sideform)
***bragte** er feil for **brakte** (av **bringe**)
deltaker (**mottaker** o.a.) skal ha **k**, formene
med **[-tager]** er sideformer, men det er
valgfritt å skrive **deltagende** eller **-taken-**
de, **foretagende** eller **-takende** (med
etterleddet **-ende**)
endelikt, ikke ***endeligt**
gjentakelse (**antakelse** o.a.) skal ha **k** (**[gjen-**
tagelse] o.a. er sideformer)
***sprog** er feil for **språk**

h-feller

verken, ikke ***hverken**
erverv (og **sommer-**, **vintersolverv**) ikke
***hverv**
valp, ikke ***hvalp**
veps, ikke ***hveps**
virvel, ikke ***hvirvel**

k-feller

fremragende, **verken** ***framragende** eller
***fremrakende**

n- og nn-feller

enskjønt, ikke ***enn-**
gransking, ikke ***-ning**
hunddyr (og **dyrehunn**), ikke ***hun-**; der-
imot er **hun(n)kjønn** valgfritt
kringkasting, ikke ***-ning**
minsking, ikke ***-ning**
målsetting, ikke ***-ning**
satsing, ikke ***-ning**
utblåsing, ikke ***-ning**

o-feller

kald, ikke ***kold**; men det heter **koldbrann**,
koldjomfru og **koldkrem** (eneformer), og
kold er dessuten tillatt i **koldfeber**, **koldt-**
bord og **koldtkjøkken** (ved siden av
kald(t)-)

slippe – slapp – sluppet (ikke *sloppet)
sågar, ikke *sogar

t-og tt-feller

adstadig, ikke *at- (men **atkomst** ofl., se under d-feller)
høytaler, men **høgtaler** (valgfrie former)
 et **overhode** (statsoverhode), men **overhodet**
 (= i det hele tatt)

u-feller

nu er tillatt bare som substantiv (i ett nu/nå)

v-feller

farge, ikke *farve
fly(ge), **flyger**, ikke *flyve, *flyver
gagn, ikke *gavn
hage, ikke *have
nemnd, ikke *nevnd
strebe (= hige) må ikke forveksles med **streve** (= slite)
torg, ikke *torv

ø-feller

røyk, **røyke** (også i bøyingsformer og avledninger), [**røke**], [**røker**] osv. er sideformer

å-feller

hard, ikke *hård; men **hård-** er tillatt ved siden av **hard-** i sammensetningene
hard- eller **hårdhjerta** eller **-hjetet**,
hard- eller **hårdnakka** eller **-nakket**

4.2 Bøying

4.2.1 Allment om bøying i norsk

Vi strekar under at framstillinga også her gjeld *hovudformer*, ikkje sideformer. Ho er ikkje fullstendig. Det er nødvendig å nytte oppslagsverk flittig, og lesaren må sjå omtalen av valfridom og av bøyingsfeller i samanheng.

Dei to målformene har kvar sine bøyingsssystem. Difor er det ikkje så mykje stoff som ligg til rette for ein allmenn omtale av felles problem. Vi skal likevel ta opp ein del punkt.

Generelt er det mange valfrie bøyingsformer på begge målformene. Der reglane tillèt valfri bøying av eit ord, skal vi som regel krevje at for-

fattaren bøyer ordet likt heile vegen, jamfør kra-va til ortografisk konsekvens. Eit spørsmål er om vi bør krevje konsekvens også i bøyinga av heile grupper av ord. Eit anna er om vi skal fremje bestemte former når vi jamnar ut vakling, for eksempel skjegle til bestemte tradisjonar innanfor den eine eller andre målforma (jamfør 2.2.5).

Meir konkret kan vi spørje slik: Skal vi behandle alle ord som endar på attkjennelege ord-delar, likt? Skal vi jamne ut valfri bøying når forfattaren nyttar formene om kvarandre, men kanskje konsekvent for kvart ord? I inkjekjønn på bokmål kan det for eksempel vere **farmøyer**, men **kjøretøy**, **selskap**, men **regnskaper**, **universitet**, men **fakulteter**, **departementar**, men **evenement**. Skal vi krevje at dei nynorske verba **høyre** eller **høre** og **køyre** eller **kjøre** begge får ei form med eller utan diftong og same bøyinga? Skal vi krevje konsekvens for nokre ordgrupper i nokre ordklassar, men ikkje for andre i dei same eller andre klassar? Korleis skal fordelinga vere? Desse spørsmåla tek vi opp nedanfor.

Skal vi prioritere visse former framfor andre når vi vel former som vi vil jamne ut til? Det beste er ofte å følgje det kronologiprinsippet eller mengdeprinsippet som er nemnt i samband med utjamning av ortografisk veksling. I bøyingsverket er ordgruppene talrike og ofte små, og konsekvensrettinga rekk ikkje så langt da. Det er dessutan ulike omsyn å ta. Vi viser til den vidare framstillinga.

4.2.1.1 Substantiv

Valfridom og konsekvensretting

Valfridom kan vi ha både når det gjeld grammatisk kjønn og bøying i eintal og fleirtal.

Det hender at det same ordet har tre kjønn på begge målformene; slik er det med **vis** ("måte"). Men oftast er det anten hankjønn og hokjønn, hankjønn og inkjekjønn eller hokjønn og inkjekjønn ein har å velje mellom. Dette skiftar frå ordgruppe til ordgruppe og til dels frå målform til målform. På bokmål har hokjønnsord nesten alltid også valfritt hankjønn, mens ein slik valfridom berre gjeld grupper av hokjønnsord på nynorsk. Av ord som kan vere hankjønn eller inkjekjønn på begge målforme-

ne, er både heimlege som **driv** (verbalsubstantiv) og framandord som **genus**. Det same gjeld nokre grunnstoffnamn, som **aluminium**, **jod** og **kobolt**, kjemiske sambindingar som **kolesterol** og steinslag som **marmor** (mens for eksempel **gneis** berre er hankjønn). Det same ordet kan også skifte genus frå bokmål til nynorsk: **premiss** er for eksempel hankjønn eller inkjekjønn på bokmål, berre hankjønn på nynorsk.

Det er vanskeleg å hugse alt dette. Men det gjeld altså å kjenne reglane og vere observant. Vi krev konsekvens ved det same ordet. Bruk ordbøkene flittig. Sjå også Bøyingsfeller nedanfor.

Når det gjeld bøying i eintal, må vi følgje med i kva forfatternen gjer med inkjekjønnsord på **-el** og på **-der** og **-ter**. Alle på **-el** og dei fleste på **-der** og **-ter** kan ha valfri samandraging i bunde eintal på begge målformene: **temp(e)let**, **regist(e)ret** osv. Der det er vakling, altså i par som **kapittelet** eller **kapitlet** og **registeret** eller **registret**, bør vi jamne ut (med raudt) for kvart ord. Vi kan også gjerne rå til utjamning for kvar gruppe, altså alle ord på **-el** eller alle på **-der** og **-ter**, men ikkje sjå begge gruppene under eitt. **Register** bør altså bøyast som **teater**, **senter**, **spekter** osv., **kapittel** som **eksempel**, **tempel**, **kobbel** osv.

Valfridom i fleirtal på begge målformene har grupper av framandord, for eksempel ein del substantiv på **-um**, der det er fleire mønster (sjå årsmeldinga frå Språkrådet for 1981). **Monstrum**, **sentrum** og **spektrum** har variantane **monster**, **senter** og **spekter**. **Sentrum** og **senter** kan ha ulik tyding, for **senter** tyder ikkje berre "sentrum", men også "stad der noko er samla i eit anlegg" (som i **kjøpesenter**, **legesenter**). I dei to andre para er variantane derimot alltid synonyme. Begge formene i alle dei tre para har også valfri samandraging, rett nok på noko ulik måte, i bunden form eintal: **monstrumet** eller **monstret**, **monsteret** eller **monstret** osv. I fleirtalsbøyinga skil derimot **monstrum** seg frå dei to andre. Sjå også 4.2.2.1 og 4.2.3.1.

Når det gjeld valfrie kortformer som **jubilé** for **jubileum** og **musé** for **museum**, må forfattarar halde seg til det eine eller det andre, men ein treng ikkje ha anten kortform eller langform begge stader (**jubilé** kan kombinerast med for eksempel **museum**).

Der ein kan velje mellom regelrett og uregelrett bøyning, som ved **konto** – **kontoer/kontoar** eller **konti**, kan vi rå til den regelrette (her: **kontoer/kontoar**) dersom det elles ikkje er noko i vege for det.

Bøyingsfeller

Det grammatiske kjønn til ord (genus) kan gje oss overraskingar. Det heiter **en/ein koks**, men **et/eit kol**. Merk også at det skal vere hankjønn i **en/ein buffer**, **en/ein design**, **en/ein parameter**, **en sammenheng** / **ein samanheng** (difor **flere sammenhenger** / **fleire samanhengar**). Derimot heiter det **et/eit ion** og **et/eit molekyl** (obligatorisk inkjekjønn). Namn på grunnstoff og kjemiske sambindingar må ein oftast slå opp. Ovanfor er det nemnt nokre med valfritt genus. I andre tilfelle kan vi ikkje velje; det heiter for eksempel **et/eit americium** og **et/eit hydrogen**, men **en/ein glyserol**.

Ein del ord som endar på trykklett **-e**, er obligatorisk hankjønn på begge målformer: **aksje**, **brosjyre**, **frase**, **note**, (**hypo**)**tese**, **tone** o.a. Det heiter altså **aksjen**, **brosjyren** osv. Her blir det ofte gjort feil, ikkje minst i nynorskmanus.

Det grammatiske kjønn kan skilje mellom ulike tydingar. Vi veit at **følge/følgje** tyder "gruppe som fer i lag" når det er inkjekjønn, "konsekvens" når det er hankjønn (bokmål) og hokjønn (nynorsk). Det usamansette **råd** tyder blant anna "rådgevande forsamling" når det er inkjekjønn, men i hokjønn tyder det også "utveg": **det blir nok ei råd** (i denne tydinga er alle tre kjønna moglege). **Statsråd** i inkjekjønn tyder blant anna "rådet til Kongen", men i hankjønn tyder ordet "minister".

Her kan det også høve å peike på skilnaden mellom **et/eit middel** ("hjelpemiddel") og **en mid(d)el** / **ein midel** ("eigedom, pengar").

Ein skilnad i grammatisk kjønn som den vi har mellom det usamansette **en/ein vin** og det samansette **et/eit brennevin**, finst ved fleire ord. Dei fleste er opplagde (som **en/ei tid** – **et/eit måltid**). På bokmål får ei lita gruppe av plantenamn obligatorisk eit anna genus enn etterleddet – mest kjent er **en marianøklebånd** (**-band**), jamfør **et bånd** (**band**). På nynorsk gjeld det same berre for eitt ord: **ein gullregn** (jamfør **regnet**). På bokmål kan også andre ord

valfritt ha avvik: en/et finnskjegg (jamfør skjegget).

Det er fastsett norsk bøyning for ein del engelske lånord som vi nyttar i norsk, men som elles ikkje er norvagenserte (cowboyer/cowboyar, forehanden o.a.). Slå opp i ordlista om du er i tvil.

Substantivet foreldre hadde før berre fleirtalsform, men en/ein forelder er no kome inn i ordbøkene og skal ikkje rettast. Derimot kan ein ikkje skrive et søsken / eit sysken. I lærebøker bør vi likevel godta formuleringar som hvert søsken og ein av syskena (eller eitt av ...).

Ein del framandord kan ha uvanleg bøyning. Jubileum og museum og mange ord på -ium, som akvarium, kranium og medium, har obligatorisk samandraging i bunden form eintal: jubileet, museet, akvariet, kraniet, mediet. Eit ord som radius (hankjønn) har derimot valfri samandraging: radi(us)en.

Mange nyttar media som ei slags ubøyeleg kollektivform. Men media er bunde fleirtal av medium (bokmål også mediene). Står det *i bøker og andre media, er det feil for medier/medium. I bokmålsmanus kan vi rå til mediene i staden for media i bunden form dersom ein forfattar bruker -ene i andre slike ord. I samansetningar heiter det medie- (for eksempel mediedekning), ikkje *media-. I dei to avleiingane mediatek og mediatekar er media- tillate ved sida av medie-.

Merk at det derimot ikkje er tillate med latinsk ending (*-fabrikata) i ubunde fleirtal av (halv)fabrikat. Det heiter fleire (halv)fabrikat, bokmål også (halv)fabrikater.

Reglane for samandraging av ord på -en, -el og -er i bunden form eintal og i fleirtal er nokså innfløkte og ikkje heilt dei same for dei to målformene. Sjå 4.2.2.1 og 4.2.3.1. Ein kan også lese om dette i forordet til større ordbøker og i årsmeldingane frå Språkrådet for 1981 og 1983.

4.2.1.2 Verb

Valfridom og konsekvensretting

Det finst nok av valfri verbbøyning i norsk, både i presens, preteritum og perfektum. For det meste er valfridommen spesifikk for den eine målforma, men det hender òg at dei same reglane gjeld for bokmål og nynorsk.

Nokre verb (som by(de)) kan bøyast anten sterkt eller lint på begge målformene.

Både på bokmål og nynorsk kan grupper av verb ha kortform eller langform. Vi kan for eksempel velje mellom blø og bløde, li og lide, stri og stride same kva for målform vi skriv. Reglane er ikkje heilt dei same. Men vi får valfrie bøyingsformer, på bokmål for eksempel li(de)r, strid(er), på nynorsk lid eller lir, strid eller strir. Ved blø(de) er dei valfrie formene i presens heilt ut dei same på bokmål og nynorsk: blø(de)r.

Valfridommen i den eine målforma kan òg gje samformer, som preteritum greip av gripe (tillaten på bokmål attåt grep).

Bøyingsfeller

Merk at bad (preteritum av be) og stod (av stå) har obligatorisk -d etter læreboknormalen, og at gav (preteritum av gi/gje) skal ha -v og drog (preteritum av dra) skal ha -g. Dette gjeld for begge målformene. [Sto] er sideform på både bokmål og nynorsk, mens [ba], [ga], [dro] er tillatne som sideformer berre på bokmål.

Merk også at i gammal presens konjunktiv (stivna ønskjeformular o.l.) som ære være/vere er -e obligatorisk i verbet. Når nynorskforfattarar bruker a-infinitiv, kan ein altså få setningar som det nyttar ikkje å koma her og seia "hjelp meg".

4.2.1.3 Andre ordklassar

Nasjonaladjektiv på -sk skal ikkje ha -t i nøytrum: et norsk flagg. Dei fleste andre adjektiv på -sk har -t: eit friskt pust, men somme har valfritt -t: eller inga ending: et skjelmsk eller skjelmskt smil. Adjektiv på -isk skal ikkje bøyast i inkjekjønn: eit barbarisk påfunn.

Ved ein del adjektiv og adverb som er gamle genitivsformer, kan vi ta feil. Mens dagligdags/daglegdags som adjektiv må bøyast i fleirtal på begge målformene, er bøyinga av førebels og mellombels valfri på nynorsk: mellombels(e) løysingar osv. (skal desse to nyttast på bokmål, må dei derimot stå ubøyge).

Sjelden/sjeldan og nær kan reknast som adverb og er da ubøyelege: en sjelden fin dag, ho står meg nær. Men dei kan også reknast som adjektiv og få -t i adverbial funksjon: en sjeldent fin dag, dei samarbeider nært. Jamfør 6.4.5.

Vi kan lett blande saman adjektiva enkel (nøytrum enkelt – fleirtal og bunden form enk-

le, "lett, grei") og **enkelt** (nøytrum **enkelt** – fleirtal og bunden form **enkelte**, "einaste", svarer til **einskild**), fordi dei ofte står saman med **dobbel** eller **dobbelt**, som alltid tyder det same. Merk at samansetningar på bokmål skal ta til med **dobbelt-** og **enkelt-**, mens det på nynorsk er valfritt med **dobbel(t)-** og **enkelt(t)-**.

Bland ikkje saman **lengre** (av **lang**) og **lenger** (av **langt** eller **lenge**). Sjå også 6.4.4.

Når det gjeld talord, er grunntal eller rekkjetal valfritt i nemnaren i brøkar der nemnaren er tolv eller mindre: **femdelar/femdelar** eller **femtedelar/femtedelar**. Det same gjeld om ein bruker **-part** i staden for **-del**: en/ein **trepart** eller **trejupart**, men to **tjueparter/-partar**.

Merk at det heiter for **hundrede gang** og **den tusende krona**.

4.2.2 Om bøyning i nynorsk

4.2.2.1 Substantiv

Valfridom og konsekvensretting

På nynorsk har mange substantiv valfritt kjønn innanfor læreboknormalen. Blant vanlege ord som kan vere hankjønn eller hokjønn, finn vi desse: **andakt, art, bane, drosje, farge, flamme, grad, kantine, kasse, klasse, kongle, krokodille, kulde, larve, last, maskin, nytte, olje, pakke, pil, plante, potet, prøve, salve, stamme, strøppe, tekst** – og det finst fleire. Somme ord kan ha tre kjønn (også inkjekjønn), for eksempel **greip** og **vis**. Forfattarar må velje eitt av alternativa og gjennomføre det. Vi skal utjamne med raudt dersom bøyninga av det same ordet varierer (gløym ikkje bunden form og fleirtal).

Inkjekjønnsord får ofte valfri samandraging i bøyge former. Endar dei på **-el**, kan dei dragast saman i bunde eintal – og dei *må* dragast saman i bunde fleirtal: dette **kapit(te)let** – alle **kapitla**. Ord på **-er** har ikkje samandraging: dette **nummeret** – alle **nummera**. Men ord på **-ter** har oftast valfri samandraging i både bunde eintal og bunde fleirtal: dette **teat(e)ret** – alle **teat(e)ra**. Sjå etter i ordboka dersom du er usikker. Vi bør jamne ut med raudt for kvart ord og rå til utjamning innanfor kvar gruppe (viss **kapitlet**, så **midlet** og **stemplet**, viss **teateret**, så **mønsteret** og **registeret** osv.). Ved ord på **-ter** bør vi tillate kombinasjonar med samandraging

i eintal og ikkje i fleirtal (**registeret** – **registra**) og omvendt (**registret** – **registera**).

Vi har høve til å velje bøyingsmåte også ved andre grupper av ord. **Auge, hjarte, øyre** kan gå regelrett, men kan òg følgje dette mønsteret: eit **auga** – dette **auga** – to **augo** – alle **augo** (og det tilsvarande for dei to andre: **hjarta** og **øyra** i eintal, **hjarto** og **øyro** i fleirtal). Vi må jamne ut for kvart ord, og kan rå til same bøyninga for alle tre i same manuset. **Barn** og **born** er begge tillatne fleirtalsformer, og vi krev konsekvens. Hugs at det må heite **barn(s)(-)** eller **barne-** som førsteledd i samansetningar, slik at det blir for eksempel **barnebarn** eller **barneborn** i fleirtal (ikkje ***borne-**).

Ein del framandord i inkjekjønn som endar på **-um**, kan ha uendra form eller **-a** i ubunde fleirtal på nynorsk: fleire **aktivum/aktiva**. Slik går **faktum, forum, kvantum, sentrum, spektrum** o.a. I bunden form gjev uendra fleirtal regelrett **aktivuma** osv., mens formene på **-a** får **-a** eller **-aa**: alle **aktiva(a)** osv. Eitt av hovudsysteama (regelrett eller uregelrett ubunde fleirtal) må gjennomførast, og vi kan rå til at det blir gjort for alle ord av denne typen.

Spektrum har den korte varianten **spekter**. **Spektrum** bøyer vi slik: eit **spektrum** – spektr(um)et – fleire **spektrum/spektra** – alle **spektruma/spektra/spektraa**. For **spekter** får vi desse alternativa: eit **spekter** – spekt(eret) – fleire **spekter** – alle **spektera/spektra**. Likeins blir det med **sentrum/senter**, men her kan tydinga vere ulik, som før nemnt. Anten langvarianten eller kortvarianten må nyttast konsekvent. Med langvarianten gjev **spektrum** i ubunde fleirtal **spektruma** i bunden form, og omvendt heng ubunde **spektra** og bunde **spektra(a)** saman.

Også nokre andre ord enn dei gruppene som er nemnde ovanfor, kan få **-a(a)** i bunde fleirtal. Det gjeld inkjekjønnsord som endar på **-a** i ubunde eintal: eit **skjema** – skjemaet – fleire **skjema** – alle **skjema(a)**. Hit høyrer **data, komma, skjema, tema** o.a. Her bør vi sjå heile gruppa av ord under eitt og jamne ut med raudt.

Bøyingsfeller

Mange ord har altså valfri bøyning, men det er likevel slik at dei fleste substantiva berre kan ha

eitt kjønn på nynorsk. Ein del hankjønnsord får ofte feil genus (hokjønn) og må rettast. Det er ofte ord som endar på trykklett **-e**: **ein aksje, ein analyse, ein annonse, ein brosjyre, ein dialekt, ein katastrofe, ein kjerne, ein kommune, ein medalje, ein kontrakt, ein myte, ein nerve, ein nisje, ein palme, ein pause, ein runde, ein rutine, ein salme, ein skade, ein tese, ein tone**. Som vi ser, er mange av dei lånord og framandord.

Ein del andre ord er derimot hokjønnsord og må rettast viss dei står med hankjønn (det gjer dei ikkje så sjeldan): **ei form** (og **ei plattform, ei reform, ei uniform**), **ei interesse, ei kjempe, ei norm, ei rolle, ei sak, ei setning, ei sky, ei sone, ei stilling, ei straff, ei tid, ei trone, ei vakt**.

Hugs at **støyt**, og **framstøyt**, er hankjønn og ikkje inkjekjønn, slik at det skal stå for eksempel **fleire støytar** og **alle framstøytane**. Likeins er **gissel, medlem** og **stad** hankjønn. Nasebore er hokjønn, og det same er **kjede** i alle tydingar.

Nokre fleire ord på **-skap** er hankjønn på nynorsk enn på bokmål. Ein vanleg feil er å nytte inkjekjønn i **rekneskap**: **kontroller *rekneskapa nøyte** (det rette er **rekneskapane**). Derimot heiter det **tre måltid om dagen**, for **måltid** er inkjekjønn.

Merk skilnaden mellom **eit middel – mid(de)let** (hjelpe-) og **ein middel – midelen** (eige, pengar). I omtale av rekneskap og økonomi godtek vi både **omløpsmidlar** og **anløpsmidlar** (av **-midel**) og **omløpsmiddel** og **anløpsmiddel** (av **-middel**) i fleirtal, attåt formene med det jamstilte **-laups-**.

Ei viktig unntaksgruppe av hankjønnsord er dei som får **-er** i ubunde fleirtal etter læreboknormalen, for eksempel **ein bekk – fleire bekker**. Slik går også **belg, benk, dreng, drikk** eller **drykk, flekk, gjest, gong, gris, kvist, legg, (med)lem, mon(n), (mat)rett, rygg, sau, sekk, serk, stad, stilk, streng, vegg, veng, ven(n), øyk** ofl. Står det [**bekkar**], [**drikkar**], har vi å gjere med sideformer, som må rettast med raudt. Eit skilje i tyding som berre kjem fram i fleirtal, er det mellom **ein rett – fleire retter** (mat) og **ein rett – fleire rettar** (privilegium).

Vi ser at mange av orda ovanfor endar på **-g** eller **-k**. Ord som endar på **-nad**, og hankjønnsord på **-a** kan berre få **-er** i fleirtal: **søknader, sofaer**, og det same gjeld dei fleste som har vokal-

skifte: **fot – føter, nagl – negler, son – søner**. Men merk òg unntaka frå denne unntaksgruppa: **bror – brør, far – fedrar**.

I hokjønn skal ein del unntaksord ha **-ar** i fleirtal innanfor læreboknormalen: **ei elv – fleire elvar**. Slik går blant anna **erm, hei, helg, kleiv, kvern, merr, myr, møy, reim, røys, seter, vik, øks, ørn, øy**. Vi rettar altså sideformer som [**helger**] og [**øyer**]. Ord på **-ing** kan berre ha **-ar: meiningar**.

Det finst også hokjønnsord med vokalskifte. Merk særleg **ei gås – fleire gjæser**. Desse orda har endinga **-er** i ubunde fleirtal.

I manus kan vi iblant sjå at ord har rett genus i eintal, men får feil fleirtalsform. Vi møter former som ***deler, *kommuner, *medisiner, *reiskaper, *skader**. Men orda er hankjønnsord på nynorsk, og slike former må rettast. Hugs òg at det heiter **lånte fjører** på nynorsk (vanleg hokjønnsord: **ei fjør**).

4.2.2.2 Verb

Valfridom og konsekvensretting

Også i bøyninga av verb kan ein på nynorsk ofte velje mellom former, og vi må sjå til at forfattarane er konsekvente. Der det ligg føre fleire bøyingsmønster for eit ord eller ei gruppe av ord, er det også ei oppgåve for oss å passe på at umoglege kombinasjonar av former ikkje slepp igjennom.

Vi må for det første sørje for at forfattarane held seg til anten a-infinitiv eller e-infinitiv av alle verb (dei to endingane er valfrie etter læreboknormalen).

I nynorsk gjeld det ein generell regel om at linne verb av a-klassen kan ha ei imperativform som fell saman med infinitiv: **smuldre deigen med det same** (eller **smuldra** ved a-infinitiv), attåt **smuldr deigen ...** Rett opp vakling ved det same ordet og rå til utjamning for heile gruppa. I bokmål gjeld det ein liknande regel, men han er knytt til vanskelege konsonantsamband generelt, ikkje til klassen av verb.

Mange linne verb har valfri a- eller e-bøyning, og forfattarane må gjere eit val. Det gjeld for det første ein del verb der stommen endar på **-t**. Som e-verb får dei berre lagt **-e** til stommen i preteritum. Vi tek **feste** (= binde fast) som eksempel: **feste – fester – feste** – har **fest** (ved sida av **festa**

– **festar – festa – har festa**). (**Feste** i tydinga “halde fest” kan berre ha a-bøying.) Slik går også **flytte, gifte, lyfte, skifte**. Verb der stommen endar på andre konsonantar, får derimot som e-verb lagt **-de** eller **-te** til stommen: **bake – baker – bakte – har bakt** (attåt **bake – bakar – baka – har baka**). Nokre andre vanlege verb som høyrer til her, er **bruke, kløre, koke, leike, love, peike, rope, skape, skjon(n)e, smake, spare, spele, svare, tale, tvile, vare, våge**. Presens på **-ar** er fast knytt til preteritum på **-a**, og vi godtek ikkje blanda bøying av typen **brukar – har brukt**. Vi rettar naturlegvis også vakling mellom a-bøying og e-bøying av det same verbet, men vi kan ikkje krevje at alle verb med valfri bøying skal gå anten som a-verb eller som e-verb.

Ved ein del verb med e-bøying kan ein nytte anten **-de** eller **-te** i preteritum, og forfattarane må velje det eine eller det andre. Her er verba så mange at det er vanskeleg å krevje same konsonanten for heile rekkja. Men det einskilde verbet må bøyast på same måten: **flirde** eller **flirte, førde** eller **førte, hørde** eller **hørte, kjørde** eller **kjørte, lærde** eller **lærte, styrde** eller **styrte** osv. Det er altså lov å kombinere **hørde** med **kjørte**. Merk at vi også godtek para **hørde – kørde, hørte – kørde, kjørde – høyrde** og **kjørte – høyrde**, for vi kan ikkje leggje for stor vekt på slik ytre likskap som det er mellom desse to verba.

Supinum er den forma av perfektum partisipp som ein har etter **ha**. Ser vi bort frå a-verba, lagar ein supinum av linne verb ved å setje **-t** til same stommen som ligg til grunn for preteritum, for eksempel slik: **ringje – ringde – har ringt, kjenne – kjende – har kjent, flire – flirde** eller **flirte – har flirt**. Men verb som har preteritum på **-dde, -gde** eller på **-vde** med vokal framfor, kan òg ha supinum på **-d**: **arbeide – arbeide – har arbeidd** eller **arbeidt, tru – trude – har trudd** eller **trutt, byggje – bygde – har bygd** eller **bygt, leve – levde – har levd** eller **levt**. Desse verba er ikkje så mange, og vi kan rå til at forfattaren vel det eine eller andre mønsteret for dei alle. Skriv ein **har bygt**, bør ein altså nytte formene på **-t** i supinum av andre slike verb òg, men omvendt nytte **-d** konsekvent viss ein skriv **har bygd**. Det same gjeld i predikativ stilling.

Når ein i denne gruppa har valfridom i inkjekjønn (**garden er bygd, hytta er bygd, huset er bygt** eller **bygd, husa er bygde**), må ein gjennomføre anten **-d** eller **-t**, og supinum bør gå på same måten.

Merk at **leggje, seie** og **teie** berre kan ha **-t** i supinum: **har lagt, har sagt, har tagt** (men det heiter **grunnsteinen er lagd** og **regla vart sagd fram**, for her er partisippet predikativ).

Når det gjeld sterke verb, er det valfritt med **-d** i preteritum i første klasse: **glei(d), lei(d), rei(d), strei(d)** osv. Her må forfattarane vere konsekvente for heile rekkja av verb. Jamn ut veksling med raudt (altså også om bøyinga er konsekvent for det einskilde verbet). Heller ikkje desse verba er så mange.

I perfektum partisipp har sterke verb valfritt **-e** eller **-i**: **han har teke** eller **teki eksamen, dei hadde sunge** eller **sungi**. Ein må velje **-e** eller **-i** og gjennomføre det – for alle sterke verb i supinum og i inkjekjønn som predikativ (**da det andre verset var sunge** eller **sungi**). Ved nokre sterke verb er partisippet lint: **er** eller **har blitt** (om ein ikkje skriv **vorte**), **har fått, har gitt** (av **gi**, ikkje **gje(ve)**), **har stått**. Ved andre er det valfritt med lint eller sterkt partisipp: **slå – slår – slo – har slege** eller **slegi** eller **slått**. Hugs at dette gjeld læreboknormalen. Krev konsekvens for kvart verb med raudt.

Det finst òg verb med sterk bøying som kan ha lint presens og lint partisipp: **be(de) – bed** eller **ber – bad – har bede** eller **bedi** eller **bedd** eller **bedt** (det manglar berre lint preteritum). Ein **-d** i infinitiv krev **-d** i presens òg: **å bede – bed**, men elles kan ein kombinere fritt, for eksempel ved å nytte **ber** i presens saman med **bede** i partisipp. Vi skal altså ikkje rette eller rå til bestemte variantar. Andre slike verb er **li(de)** og **ri(de)**. Vi krev ikkje at desse verba følgjer same mønsteret.

Eit verb som **by(de)** har valfri sterk eller linn bøying: **byd/byr – baud – har bode** eller **bodi** eller **by(de)r – bydde – har bydd** eller **bydt**. Merk at presens kan vere lint (**byr**) også om ein elles nyttar sterke former, men ser vi bort frå det, må forfattaren gjennomføre det sterke eller det linne mønsteret (andre kombinasjonar går ikkje). Sameleis blir det med verb som **hogge** og **skyve** (sterk eller linn bøying). Men desse verba kan sjåast kvar for seg.

Merk at **blitt** alltid er ubøyt, mens andre linne partisipp til verb som elles er sterke, valfritt kan stå med eller utan samsvarsbøying i predikativ stilling: datoen er gått eller gådd ut, bøkene blir gitt eller gidde i gåve, dei vart slått eller slådde på målstreken, føla blir ridd eller ridt eller ridde for hardt, husa er bydd eller bydt eller bydde fram for sal osv. (i tillegg kjem variantar med sterkt partisipp for nokre av verba, for eksempel slegne). Men hugs at det gjeld andre reglar for verb som be(de), by(de), hogge.

Hjelpeverba bli/verte kan bøyst slik: bli – blir – blei – er eller har blitt eller bli – blir – vart – er eller har vorte eller verte – vert – vart – er eller har vorte. Forfattarar må halde seg til eitt av dei tre mønstra (raudretting ved vaking). Ved gi eller gje(ve) må ein velje den eine eller den andre forma: gi – gir – gav – har gitt (og ein givar, givande, tilgiving) eller: gje, eventuelt gjeve, – gjev – gav – har gjeve eller gjevi (og ein gjevar, gjevande, tilgjeving).

Bøyingsfeller

Hugs at vokalen er a i endinga i infinitiv på -st: kastast, skrivast osv. Dette gjeld òg e-verb, og det heiter for eksempel: det kan tenkjast at ... Derimot kan det kome inn ein e i bøyingsformer av slike verb (der ein bøyer dei, altså når det ikkje er passiv): eg minnest (mintest) det året ..., ho syntest at Merk at trivast har sterkt bøyning: trivast – trivst – treivst – har trivest eller trivist.

I bøyinga av linne verb er a-verb, som kaste, stort sett greie. Hugs at a-en må nyttast i presens òg (kastar). Merk også visse verb (ende, kalle, mure o.a.) som har obligatorisk e-bøying på bokmål, men ikkje sjeldan står feil på nynorsk: *ho kalte han Pus og *heile veggen vart murt att på ein dag. Rett slike former med raudt.

Mange nyttar a-bøying av verb som ikkje skal ha det. Her er nokre vanlege mistaksverb, som berre kan vere e-verb: byte, dekkje, hygge, knekkje, knyte, krenkje, leie, løn(n)e, rykje, skade, styrkje, svekkje, sørgje, stynje ([stønne] er sideform). Vi må altså rette preteritumsformer som *bytta, *dekka, *knekka, *knytta, *krenka, *leia, *løn(n)a, *rykka, *skada, *styrka, *svekka, *sørga, *stønna om vi skulle sjå dei i eit manus.

Når det gjeld e-verb, kan vi merke oss at

jamvel om det er valfritt med kjørde eller kjørte og horde eller hørte, må det heite køyrde (av køyre) og høyrdde (av høyre). Endar stommen av e-verb på -nd, kjem det ikkje inn nokon t i endinga slik systemet er innanfor læreboknormalen: vi sende pakken i går må det heite. Merk òg at verb på -ere berre har -te. Ei setning som dei *representera berre seg sjølve må rettast. Også formeire er a-verb og høyrer ikkje til her.

Av j-verba har dei fleste vokalskifte og inga ending i presens: velje – vel – valde – har valt, symje – sym – sumde – har sumt. Desse verba er få, og nokre av dei kan òg bøyst som e-verb. Bruk ordliste! Merk at eige går slik etter læreboknormalen: eige – eig – åtte – har ått.

Når det gjeld samsvarsbøying, skal e-verb og j-verb i perfektum partisipp i predikativ stilling ha den same endingskonsonanten i hankjønn og hokjønn som dei har i preteritum. (Vi får desse formene om vi tek vekk e-en i preteritum.) Inkjekjønnsformene er derimot dei same som i supinum (etter ha). Fleirtalsforma endar på -e og er identisk med preteritumsforma. Tek vi klemme som eksempel, blir det altså slik: gutten vart klemd, jenta vart klemd, barnet vart klemt, ungane vart klemdde. Pass også på ved gjere. Det heiter: jobben er gjord, oppgåva er gjord, arbeidet er gjort, tenestene er gjorde. Her blir det lett feil.

Desse verba er linne på nynorsk: hjelpe (hjelper – hjelpte – har hjelpt), treffe (treffer – trefte – har trefft), trekkje (trekkjer – trekte – har trekt, tvinge (tvingar – tvinga – har tvinga). Former som *lot, *hjalp, *traff, *trakk og *tvang skal rettast (men det finst eit adjektiv tvungen), og det same gjeld presens *lar og *trekk og perfektum har [tatt]. Også brekke er lint (e-verb) på nynorsk, men har trongare tyding enn på bokmål og blir ikkje nytta om å bryte av eller breste (bruk ordliste). På den andre sida må vi vite at verb som lese, drepe, male (korn), trengje, skine, sugje, vege, vekse, veve er sterke på nynorsk (sjekk bøyinga i ordbøkene).

Sterke verb som finne (har funne eller funni), nyte (har note eller noti), sitje (har sete eller seti), skyve (har skove eller skovi), syngje (har sunge eller sungi), vinne (har vunne eller vunni) har ikkje same rotvokalen i perfektum partisipp som i infinitiv (eit par av dei kan òg

bøyast lint). Dette skil nynorsk frå mykje av austlandsk talemål, og vi må passe på å rette feil former som har *finni.

Av vanskelege sterke verb bør vi ta med **blåse** (bøying: **blæs** – **bles** – har blåse eller blåsi), **la(te)** (bøying: **lèt** – **lét** – har late eller lati) og **vekse** (bøying: **veks** – **voks** – har vakse eller vaksi). Her blir det ofte feil. **Vekse** er av dei verba som har eit perfektum partisipp som vi bør nemne særskilt. Det heiter guten er vaksen, syskenbarnet er vakse, alle er vaksne. Eit anna er **sjå**, der partisippet får denne bøyinga: jenta vart sedd, barnet vart sett, dei vart sedde. (Sjå *Nynorskordboka* under **sedd**.) Det må vere samsvarsbøying med rette former her.

Hugs at preteritum av **falle** heiter **fall** og preteritum av **halde** er **heldt**, og at perfektum partisipp av **ligge** heiter **lege** eller **legi**. **Dra** skal ha sterkt perfektum partisipp.

Det er lett å ta feil av rotvokalen i **slåst**, som er forma i infinitiv, presens og perfektum partisipp, mens **sløst** er preteritum (det er som på bokmål, med dei same vokalane som i aktiv form). Ulik bokmål er derimot bøyinga av **få**, **gå**, der ein må hugse å skrive **fekk**, **gjekk** med **-e** etter læreboknormalen.

Parverb må vi halde frå kvarandre. Som oftast gjeld det å skilje mellom eit sterkt verb som er intransitivt, og eit lint som liknar på det ster-

ke, men er transitivt. Det linne verbet tyder ofte "få noko til å gjere det som det sterke verbet fortel om". I tabellen nedst på sida har vi sett opp nokre par som ikkje må blandast saman (det sterke til venstre, det linne til høgre):

Der skilnaden kjem fram berre i dei bøygde formene, som ved **brenne** og **smelle**, er det ekstra lett å blande verba saman.

Les meir om bruk av parverb i 6.3.4.2. Er vi i tvil, må vi slå opp i ordbøkene.

4.2.2.3 Andre ordklassar

Valfridom og konsekvensretting

Vi må jamne ut med raudt dersom eit manus vekslar mellom valfrie bøyingsformer av adjektiv, som **grå** eller **gråe** (**blå(e)**, **få(e)**, **rå(e)**, **små(e)**) i bunden form og fleirtal: dei grå(e) ulvane. Rå til eit system med eller utan **-e** i alle slike ord.

Høg og **låg** har valfri gradbøying, og vi krev konsekvens med raudt: anten **høgare** – **høgast** (men det heiter **Høgsterett**) eller **høgre** – **høgst** og anten **lågare** – **lågast** eller **lægre** – **lægst**. Vi kan eventuelt rå til at ein kombinerer **høgare** med **lågare** og **høgre** med **lægre** osv. Det er òg valfritt med komparativformene **innarst** eller **inst**, **yttarst** eller **ytst**, og vi krev konsekvens for kvart ord og kan rå til lik behandling. Ved **nær**

brenne – **brann** (av skam)
falle – **fall** (ned)
fryse – **fraus** (i hel)
hange eller **henge** – **hang** eller **hekk** (i)
knekke – **knakk** (på midten)
rekke – **rakk** (bussen)
renne – **rann** (ut)
skvette – **skvatt** (opp)
slenge – **slong** (innom)
sleppe – **slapp** (unna)
smelle – **small** (i vinden)
sprette – **spratt** (opp)
strekke – **strakk** (til)
støkke – **stokk** (til)
svelte – **svalt** (i hel)
søkke – **sokk** (i hop)
trenge – **trong** (hjelp)

brenne – **brende** (rusk og rask)
felle – **felte** (ei tåre)
fryse – **fryste** (kjøt og bær)
hengje – **hengde** (opp)
knekkje – **knekte** (nøtter)
rekkje – **rekte** (tunge)
renne – **rende** (av garde)
skvette – **skvetta** eller **skvette** (vatn på nokon)
slengje – **slengde** (noko i veggen)
sleppe – **sleppte** (noko i golvet)
smelle – **smelte** (døra att)
sprette – **spretta** eller **sprette** (ei flaske)
strekkje – **strekte** eller **strakte** (ut ei hand)
støkkje – **støkte** (eit dyr)
svelte – **svelta** (ut)
søkkje – **søkte** (eit skip)
trenge – **tregde** (seg fram)

kan vi krevje bøyingsformer med eller utan **-m-** gjennomført (**nærmare** – **nærmast** eller **nærare** – **nærast**).

Når det gjeld personlege pronomen, er formene **me** og **vi** jamstilte i første person fleirtal. Ein forfattar må velje ei av dei og nytte den forma konsekvent. Vidare er **han** og **honom** jamstilte som avhengige former (objektsformer) i tredje person eintal hankjønn, og det same gjeld **ho** og **henne** i hokjønn. Også her må det nyttast berre ei form konsekvent (rett veksling med raudt).

Det same gjeld i valet mellom **sjølv** og **sjølve** som fleirtalsform. Ein kan – om ein vil – nytte **sjølv** i både eintal og fleirtal. I så fall må det gjennomførast: dei gjekk **sjølv** eller **sjølve**.

Bøyingsfeller

Reglane for adjektivbøying på nynorsk er i store trekk dei same som på bokmål. Det er likevel ein par ting vi må passe på. Vi skriv ein **liten** gut, ei **lita** jente, eit **lite** barn, og i bunden form blir det **lisle** eller **litle** eller **vesle**: den **lisle** eller **litle** eller **vesle** guten osv. Det er lett å gløyme bort bokmålsforma ***lille** i eit nynorskmanus, men ho skal altså rettast. Det heiter **breitt** (av **brei**; ikkje ***breidt** eller ***bredt**), **greitt** (av **grei**; ikkje ***greit**), **leitt** (av **lei**; ikkje ***leit**), **feitt** (av **feit**; ikkje ***fett**) og vidare **flautt** (av **flau**; ikkje ***flaut**). Pass på inkjekjønn av adjektiv på **-en**. Det heiter vindauget er **ope** (av **open**) og golvet er **skit(t)e** (av **skit(t)en**).

Merk at bøyingsformene **nedst** og **øvst** er obligatoriske.

Hugs at ein på nynorsk kan velje mellom **-ande** og **-ende** i visse forsterkande adverb, som **kolende** eller **kolande** svart. Presens partisipp har derimot berre **-ande**: **gneistande** kald. I ordet **vitende** må **-ende** brukast: ho gjorde det med **vitende** og vilje.

Pronomenformene **hennar** og **annan** er obligatoriske i læreboknormalen.

4.2.3 Om bøyning i bokmål

4.2.3.1 Substantiv

Valgfrihet og konsekvensretting

Mange ord kan ha **-a** eller **-en** i bestemt form entall innanfor læreboknormalen på bokmål: **boka**

eller **boken**, **gata** eller **gaten**, **dronninga** eller **dronningen**, **kjærligheta** eller **kjærligheten**, **sida** eller **siden**, **tida** eller **tiden**. Ved vakling utjamner vi for hvert ord og tar med sammensetninger (**gata** og **hovedgata** skal gå likt, men se unntak under Bøyingsfeller nedenfor). Merk at valgfriheten også gjelder verbalsubstantiv på **-ing**: **erfaringa** eller **erfaringen**, **kjøringa** eller **kjøringen**, **regninga** eller **regningen** osv. (Også noen få ord på **-ning**, som **gjerning** og **undervisning**, har valgfritt **-a** eller **-en**.)

Som regel er det en viss tendens i formvalget i den ene eller andre retningen, mot overvekt av enten **-a** eller **-en**. Når vi utjamner, kan vi bygge på slike tendenser eller rette til de formene som opptrer først. For gruppa av verbalsubstantiv på **-ing** bør vi kreve konsekvens med rødt.

Kan vi foreslå **-en** i ord med **a**-former når **-en** dominerer i manus, eller omvendt, når vi mener det passer ut fra helheten? Det bør vi avstå fra av flere grunner. Ulikt nynorsk er vi i bokmål her i nærheten av språkpolitiske vurderinger. Men vi mangler også praktiske kriterier for hvilke ord som da skulle få **-en** og hvilke **-a**. Man kan nok gruppere ord som har valgfri bøyning, for eksempel i konkrete og abstrakte (og **-a** i **boka** er vanligere enn **-a** i **tida**), i arveord, lånord og fremmedord osv. Men noe greit, ukontroversielt skille kan ikke settes, så vi bør i det lengste bare følge opp forfatterens formvalg slik det er.

Det finnes òg ord der en kan velge mellom hankjønn og intetkjønn, både hjemlige ord som **driv** og fremmedord som **premiss**. Atter andre ord, som **dun**, **søppel** og **vis** ("måte"), kan ha alle tre kjønn. Men alle disse gruppene er nokså små; særlig gjelder det den siste.

Om forfatter bruker hunkjønn og skriver for eksempel **boka**, kan de fritt velge mellom **en** og **ei** som ubestemt artikkel uansett hva slags hunkjønnsord det er. Vi krever konsekvens framfor det samme ordet. Men vi bør ikke foreslå endring av **en** til **ei**, eller omvendt, framfor ord der det ikke er vakling i manus. Det er for øvrig lov å kombinere for eksempel **kirka** med **kirkens** og **senga** med **sengens** (s-genitiver). Men denne muligheten utnyttes lite i praksis, og det er oftest bare vanlig inkonsekvens hvis par som **sengens** og **senga** står sammen i manu-

set. For å sjekke hvordan dette stiller seg, kan vi prøve å merke oss om slike kombinasjoner forekommer ved andre hunkjønnord.

Intetkjønnsord på **-er** har ikke sammendragning i bestemt form entall (unntak: **mørker**), mens de fleste på **-ter** har det. Også de fleste på **-der** (men ikke de på **-dder**) har sammendragning. Her utjamner vi vakling i bøyningen av det enkelte ordet med rødt: enten **teateret** eller **teatret**. Vi kan også tilrå samme bøyning for alle ord med valgfrihet: hvis **teateret**, så **mønsteret**, **registeret** osv. Intetkjønnsord på **-el** har valgfri sammendragning i bestemt form entall: **tempelet** eller **templet**. Vi utjamner med rødt for det enkelte ordet og kan tilrå utjamning for alle slike ord.

Vi skal altså se de gruppene som har valgfrihet, hver for seg. Det trenger heller ikke være noen kopling mellom valg av entallsformer og valg av flertallsformer (som **teater** eller **teatre**, **tempel** eller **templer**).

I ubestemt flertall av intetkjønnsord kan en på bokmål oftest velge mellom uendret form og en form med ending, særlig **-(e)r**: **blad** eller **blader**, **begrep** eller **begreper**, **dokument** eller **dokumenter**, **felt** eller **felter**, **hotell** eller **hoteller**, **problem** eller **problemer**, **selskap** eller **selskaper**, **tilfelle** eller **tilfeller** osv. Vi må utjamne vakling i bøyningen av det enkelte ordet med rødt, men vi må godta at forfatteren kombinerer for eksempel **blader** og **felt**. Når det gjelder ord med samme etterledd, bør vi vurdere dem i sammenheng og kan foreslå eller kreve konsekvens for hele gruppa (for eksempel **dokument**, **ferment** og **monument** eller **dramaer**, **skjemaer** og **temaer**). Det er vanskeligere å kreve samme bøyning på tvers av morfemgrupper, for eksempel av ord på **-ment** og ord på **-tell**. Men der det blir stor overvekt av den ene eller andre bøyningen av mange og store grupper, styrkes grunnlaget for utjamning, og vi kan foreslå lik bøyning av ord med ulike etterledd, for eksempel alle flerstavede fremmedord (men vi bør nøye oss med forslag).

Vi bør ikke fremme bestemte varianter der det er valgfrihet. Det finnes argumenter for alle de formene som er tillatt. For eksempel er endingen **-er** i intetkjønn flertall naturlig for mange og er dessuten et sikkert kjennetegn på

at setningen gjelder flere, ikke én (vi viser **eksempler** på dette er entydig, men ikke vi viser **eksempel** på dette). Uendret flertall som **eksempel** føles på sin side naturlig for andre, og det er som regel lett å forebygge tvetydighet ved å sette inn artikkel e.l.: vi viser **et** eksempel på dette.

I bestemt form flertall av intetkjønnsord kan man oftest velge mellom **-a** og **-ene**: **dyra** eller **dyrene**, **husa** eller **husene**, **mønstra** eller **mønstrerene**, **åra** eller **årene**, **epla** eller **eplene**, **stykk** eller **stykkene**, **øra** eller **ørene** osv. Her skal vi utjamne for hvert ord og tar også med sammensetninger (**åra** – **hundreåra**, eventuelt **(-)årene**). Intetkjønnsord på **-e**, som **eple**, har liten tradisjon for **-a** i skrift på bokmål, og vi bør være forsiktige med å sette inn **a**-former i slike ord, både som forslag og som retting ved utjamning, enda **epla**, **stykk** er tillatt bøyning.

Ord på **-er** utgjør en gruppe der det er betydelig valgfrihet i bøyningen. Vi må holde genus fra hverandre og skjelne mellom undertyper av ord. For hankjønnord kan en sette opp disse mønstrene, som gjelder innenfor læreboknormalen:

- Type 1: **lærer** – flertall **lærere** – **lærerne**
- Type 2: **hammer** – flertall **hammer** eller **hamrer** – **hammerne** eller **hamrene**
- Type 3: **finger** – flertall **finger** – **fingerne**

Innbyggernavn og nomina agentis ("handler-substantiv") går som **lærer** (type 1) og får **-e** i ubestemt form og **-ne** i bestemt: **tyskere** – **tyskerne**, **malere** – **malerne** osv. En rekke andre ord har valgfritt **-e** eller **-er** med sammendragning (følger **hammer**, type 2): **aldere** eller **aldrer**, **diametere** eller **diametrer**, **fibere** eller **fibrer**, **kalendere** eller **kalendrer**, **mestere** eller **mestrer**, **ministere** eller **ministrer**, **negere** eller **negrer**, **sjangere** eller **sjangrer**, **svogere** eller **svogrer**, **syndere** eller **syndrer**, **tigere** eller **tigrer** osv. Vi må utjamne vaklende bøyning av det enkelte ordet med rødt og kan foreslå lik bøyning for hele gruppa. Dessuten bør vi se til at ubestemte former som **aldrer** kombineres med **aldrene** i bestemt form, mens former som **aldere** følges av **alderne**. Dette kan gjennomføres med rødt.

Hankjønnsord på trykklett **-er** får ikke sammendragning i bestemt form entall, men hunkjønnsord får det. Her er det ikke valgfrihet, og likevel har vi ofte to mulige bøyingsmåter, fordi en god del ord, som **skulder**, kan være både hankjønn og hunkjønn på bokmål. Mønsteret blir dermed slik:

skulder – skulderen eller skuldra – skuldrer – skuldrene.

Her krever vi konsekvens med rødt for det enkelte ordet.

Hovedmønstrene for intetkjønnsord er slik:

lager – lageret – lager eller lagre – lagra eller lagrene
teater – teateret eller teatret – teater eller teatre – teatra eller teatrene

Merk også unntakene **alter** og **under** (som ikke bøyes helt likt!):

alter – alt(e)ret – alter eller altere eller altre – altera eller altra eller altrene (altså ikke *alterne)
under – und(e)ret – under eller undere eller undre – undera eller undra eller underne eller undrene

Som **under** går **vidunder**. Også **døger** og **vardøger** danner unntak. Slå opp i ordlista. For unntaksord kan vi altså ha tre eller fire alternativer i flertall.

Vi utjamner vaklende bøyning av det enkelte ordet med rødt og kan tilrå med blyant at hele grupper bøyes likt. Vi skal ikke kreve noen kopling mellom bestemte entallsformer og bestemte flertallsformer. Men ord som kan stå uten sammendragning i bestemt form flertall, bør gjøre det hvis de heller ikke har sammendragning i ubestemt form (rødretting).

Intetkjønnsord på **-um** har ofte, men ikke alltid valgfri bøyning. En gruppe har valgfritt **-a** eller **-umer** i ubestemt flertall: **depositum – depositumer** eller **deposita, forum – forumer** eller **fora**. Ved en annen gruppe kan vi velge mellom **-um** og **-umer**: **album – album** eller **albumer, volum – volum** eller **volumer**. En tredje gruppe

har valgfritt **-a** eller **-er**: **femininum – femininer** eller **feminina, interregnum – interregner** eller **interregna**. Vi utjamner vakling med rødt for det enkelte ordet. Former på **-a** i ubestemt form og på **-aene** i bestemt form kan bare kombineres med hverandre. Se også under Bøyingsfeller nedenfor.

Spekter bøyes slik: **et spekter – spekt(ø)ret – flere spekter** eller **spektre – alle spektra** eller **spektrene**, mens **spektrum** følger dette mønstret: **et spektrum – spektr(um)et – flere spektre** eller **spektra – alle spektra** eller **spektrene** eller **spektraene**. De to hovedmønstrene skal ikke blandes sammen, men bortsett fra at **spektra** i ubestemt form og **spektraene** i bestemt form følges at, kan en kombinere fritt innenfor hvert mønster. Det samme gjelder **senter** og **sentrum** (men her kan betydningen være ulik).

Bøyingsfeller

Etter læreboknormalen for bokmål har om lag 600 ord obligatorisk **-a** i bestemt form entall (de fleste av dem har et særnorsk preg): **bikkje, brygge, bukt, bygd, eik, fille, geit, greie, grend, hei, hytte, jente, kjerring, kone, lefse, li, seter, sild, smie, ur**. Noen får ofte feilaktig **-en** i lærebokmanus, og det må vi slå ned på; former som [**bukten**] må rettes. De aller fleste ord på **-ning** skal derimot ha **-en**: **befolkningen, bygningen, omsetningen** osv. Iblant får slike feilaktig a-ending: ***befolkninga**.

Merk at det i noen få tilfeller er forskjell på bøyning av et ord og sammensetninger med ordet. Det kan hete **knipa** eller **knipen**, men **vårknipa** har obligatorisk **-a**. Og **striskjorta** er obligatorisk enda **skjorte** har valgfritt **-a** eller **-en**.

I flertall følger ikke alle intetkjønnsord det som er hovedregelen på bokmål, nemlig valgfrie former. Noen har bare uendret flertall (som **ark, hus**), andre bare **-er** (som **steder**). Ord på **-e** har bare **-r** (**epler**) (et unntak er **tilfelle**).

I flertall kan også ord på **-er** være vanskelige, som vi har sett. Særlig byr hankjønn og intetkjønn på varianter der vi nok bør slå opp for å se om vi skal kreve retting, tilrå retting eller ikke gjøre noe.

Det er en temmelig vanlig feil å la ord som **hammer** og **finger** (type 3) få sammendragning og **-e** i ubestemt flertall: **flere *hamre, to *fingre**. Men dette må rettes med rødt. Videre får han-

kjønnsord med **-e** i ubestemt flertall bare **-ne** i bestemt flertall. Vanlige feil er ***lærerene**, ***tyskerene**. Pass på dette.

Noen fremmedord skiller seg helt ut i flertallsbøyningen. En gruppe av ord på **-um** har obligatorisk **-a**: **faktum** – **fakta**, mens en del andre, som **museum**, får **-eer**: **museer**. Ord på **-ium** har obligatorisk **-ier**: **akvarium** – **akvarier**. Jamfør omtalen under Valgfrihet og konsekvensretting ovenfor. Bruk ordliste.

I bestemt form flertall har ni intetkjønnsord obligatorisk **-a**, og de vanligste er **barna**, **beina**, **beista**, **krottera**. Andre ord bryter med hovedregelen i motsatt lei, nemlig typene **kvantum** og **tema**, som bare skal ha **-ene**: **kvantaene**, **temaene** osv.

4.2.3.2 Verb

Valgfrihet og konsekvensretting

Formen i imperativ kan føles vanskelig i utlyd hvis man sløyfer endingen (slik hovedmønsteret er). Ved **smuldre**, for eksempel, gir vanlig imperativ **smuldr deigen godt**. Da er det tillatt å velge en form som ender på **-e** (er lik infinitiv): **smuldre deigen ...** Merk at dette gjelder uansett klasse av verb (ulikt nynorsk, der det bare gjelder en type svake verb). Men skrivemåten må da være konsekvent for samme verb. Er det vakling i manus, kan vi utjamne til formen uten **-e** (den regelrette), og vi kan foreslå samme løsning også for andre, tilsvarende verb (**forandr**, **forkludr** osv.).

Det er valgfrihet i preteritum og perfektum partisipp i en stor gruppe av svake verb, for nesten alle verb med **-et** kan også få **-a**: **kastet** eller **kasta**, **regnet** eller **regna**, **trygdet** eller **trygda** osv. Her skal vi i utgangspunktet utjamne vakling med rødt for hele klassen under ett, altså ikke bare sammenstillinger som **de kastet ball i skolegården mens matrosene kasta trossa over pullerten**, men også slike som **de kastet ball i skolegården mens læreren henta en blyant**. Det bør likevel være et visst rom for å ta stilistiske hensyn. Dette er et konsekvenskrav som vil gjelde mange ord i et manus.

Når et partisipp bøyes i bestemt form eller i flertall, kan forfatteren velge **-ede** eller **-ete** i tillegg til **-a**. Det kan altså hete **forkasta** eller **forkastede** eller **forkastete planer**. Dette må ses i

sammenheng med valget av **a-** eller **et-**bøyning i preteritum av slike verb og med adjektiv som **encellet**. Se 4.2.3.3. Her bør det være konsekvens for hele gruppa, slik at alle svake verb av denne kategorien går likt. Om partisipp av sterke verb, se nedenfor under Bøyningsfeller.

Mange verb i denne klassen kan også få **-te** og/eller **-de** i preteritum: **arbeide** – **arbeida** eller **arbeidet** eller **arbeidde**, **love** – **lova** eller **lov** eller **lovte** eller **lovde**. Det gjelder blant annet **dekke**, **klage**, **klippe**, **knekke**, **lage**, **skade**, **sveise**, **yte**. Vi krever konsekvens for det enkelte verbet. Merk at likelydende verb med ulik betydning kan ha ulik bøyning: **pleie** i betydningen "stelle" hører til gruppa med tre muligheter, mens **pleie** = "ha for vane" bare kan bøyes **pleie** – **pleide**.

Det heter **stri(de)** – **har stridd**, men i adjektivisk funksjon er **omstridd** eller **omstridt** valgfritt. Og det heter **bre** – **har bredd** eller **bredt** og (adjektivisk) **utbredd** eller **utbredt**. Dette er avvik fra det vanligste mønsteret, som er slik: **kle** – **har kledd** – **forkledd**, **omkledd**. Vi får også valgfritt presens i noen tilfeller: **stri(de)r**. Sørg for konsekvens ved samme ord.

I preteritum av noen sterke verb kan en ha former med eller uten diftong: **be(i)t**, **dre(i)v**, **skre(i)v**, **braut** eller **brøt**, **skaut** eller **skjøt** osv. Vi utjamner vakling i bøyningen av det enkelte verbet med rødt (for eksempel mellom **skreiv** og **skrev**), og vi kan tilrå samme bøyning av verb med samme rotvokal (for eksempel **-ei**-begge steder). Glem heller ikke valgfriheten ved **ble(i)**, av **bli**, og ved **ve(i)t**, presens av **vite** (den ene formen må gjennomføres, men de kan bare utjamnes hver for seg).

Hvordan skal vi behandle s-former av verb med utlydende trykksterk vokal (som **gå**, **nå**, **se**, **si**, **slå**, **ta** osv.)? Det er valgfritt med en "ekstra" **-e-** i infinitiv og presens, for eksempel **sees** ved siden av **ses**, og vi må utjamne vakling i bøyningen av det samme verbet med rødt. Vi kan også foreslå med blyant at hele gruppa behandles likt. Det er fornuftig å gå ut fra presens aktiv (**ser**, **går**, **når**, **slår**, **tar**) og bare bytte ut **-r** med **-s**: **ses**, **gås**, **nås**, **slås**, **tas** osv. Ved vakling kan vi utjamne til disse formene. Fordelingen tilsier også **sies**, ikke **sis** (det heter **sier** i aktiv). Foreslå det og utjamn til det ved vakling. Disse verbene

brukes svært sjelden i preteritum. Møter vi dem der, kan det være like greit å skrive passasjen helt om.

Husk at presensformene **finnes** og **fins** er jamstilte, i likhet med preteritum **fantet** og **fans**. Også **trenges** og **trengs** og **synes** og **syns** kan brukes om hverandre. Forfattere må velge en form og gjennomføre den. De tre verbene bør vurderes hver for seg.

Om perfektum partisipp av s-verb – se nedenfor.

Bøyningsfeller

En felle er de svake verbene der reglene sier **-de** eller **-te** i preteritum, mens aviser og bøker ofte benytter **-et**. Preteritumsformer som disse er obligatoriske: **avklarte**, **bygde**, **bøyde**, **drøyde**, **eide** (ved siden av **åtte**), **fortøyde**, **neide**, **nøyde**, **pløyde** (ved siden av **pløgde**), **prøvde**, **rådde**, **sløyde** (ved siden av **sløgde**), **tilføyde**, **trykte**, **tærte**, **tøyde**, **veide**, **vevde** (ved siden av **vov**), **øvde**. Vi må rette ***bøyet**, ***trykket**, ***tæret** osv. når vi møter slike former. Merk ellers at partisipper som **prøvet** og **øvet** kan benyttes som adjektiv.

Preteritumsformer som ***jog** (av **jage**), ***betød** (av **bety**) og ***brød** (av **bry**) er ikke tillatt. Dette er svake verb. Heller ikke ***føyk** (av **fyke**), ***røyk** (av **ryke**) o.l. kan vi skrive (sterke verb), enda slike former er vanlige i talemålet.

Merk at sterke partisipper får **-ne** i bestemt form og flertall: **en skrevet framstilling** – **skrevne framstillinger**, **en vunnet premie** – **den vunne premien**. Det er temmelig vanlig å se former som ***gjenfundede bøker**, ***håndskrevde brev**, men de må rettes.

Fram til 1995 skulle de fleste s-verb bøyes slik: å **synes** – har **synes**. Fra 1995 skal de ha **-t** eller **-d-** i partisipp: å **føles** – har **føltet**, å **kjenner** – har **kjentet**, å **(mis)lykkes** – har **(mis)lyktes**, å **møtes** – har **møttet**, å **omgå(e)s** – har **omgåttet**, å **se(e)s** – har **settet** (eller **se(e)s**), å **skilles** – har **skiltet**, å **skjemmes** – har **skjemtet**, å **synes** – har **syntet**, å **trenges** – har **trengtet**, å **(van)trives** – har **(van)trivdes**.

Husk at sjøl om **fins**, **syns** og **trengs** er tillatte bøyingsformer i presens, må infinitivene ha fulle former: **kan finnes**, **må synes sikkert**, **vil trenges**. Husk også at **slåss** er infinitiv, presens

og perfektum partisipp, **sløss** er preteritum (vokalen veksler slik som i aktiv form: **slå** osv.).

Også på bokmål har vi parverb, for eksempel **sitte** – **sette** og **knekke** (med ulike betydninger). Fordelingen er gjerne slik at det ene verbet er sterkt og intransitivt, mens det andre, som ofte betyr "få til å gjøre det som det sterke verbet betyr", er svakt og transitivt. Iblant kan det være lett å blande sammen parverb, særlig der forskjellen bare framgår av de bøyde formene.

I 4.2.2.2 er det tatt inn en liste over parverb i nynorsk som lett kan forveksles. Vi kan ha nytte av den også som bokmålskonsulenter, men må naturligvis bruke sunn fornuft og slå flittig opp i ordbøker for bokmål. Les om bruk av parverb i 6.3.4.2.

4.2.3.3 Andre ordklasser

Valgfrihet og konsekvensretting

Sammensatte adjektiv av typen **encella** eller **encellet**, med grunnbetydningen "med det som sammensetningen angir" (her: "med en celle"), har valgfritt **-a** eller **-et** i ubestemt entall og valgfritt **-a**, **-ede** eller **-ete** i bestemt form og flertall: **en encella** eller **encellet organisme** – disse **encella** eller **encellede** eller **encellete organismer**.

Denne gruppa bør vi se i sammenheng med svake verb som **forkaste**, med valgfri a- eller et-bøyning, som i bestemt form og flertall har de samme mulighetene i bøyning: **forkasta** eller **forkastede** eller **forkastete planer**.

Her kan vi kreve at forfattere gjør et parvalg. Det første er a-bøyning eller et-bøyning. Ser valget ut til å være a-bøyning, bør a-former gjennomføres lengst mulig for både adjektiv og verb. Er valget et-bøyning, gjelder det motsatte, men her må det gjøres ett valg til, nemlig mellom **-ede** og **-ete** i bestemt form av så vel verb som adjektiv. I utgangspunktet kan vi utjamne veksling i bøyningen med rødt etter disse linjene.

Dette gjelder blant annet adjektivene **firkanta** eller **firkantet**, **korterma** eller **kortermet**, **langskjegga** eller **langskjegget**, **rakrygga** eller **rakrygget**, **tovinga** eller **tovinget** og uekte partisipper som **ublanda** eller **ublandet**, **halvvaska** eller **halvvasket** (kalt "uekte" fordi det ikke fin-

nes noen infinitiv som ***ublande** og ***halvvaske**), foruten et stort antall partisipper.

Merk at noen eldre partisipper, som **prøvet** og **øvet**, kan benyttes som adjektiv enda de er gått ut som former av verbet (som bare har e-bøyning: **prøvde**, **øvde** osv.). De får **-ede** eller **-ete** i bøyd form og flertall: **den hardt prøvede** eller **prøvete** kvinnen, **øvede** eller **øvete** snekkere **søkes**. Sørg for konsekvens.

En nokså nærstående gruppe adjektiv har grunnbetydningen "full av ...", og her er det valgfritt med **-et** eller **-ete** i ubestemt form entall. Det kan for eksempel hete **en steinet** vei eller **en steinete** vei ("en vei full av stein"). Foruten usammensatte ord som **steinet(e)** finner vi her også sammensatte som **storblomstret(e)** og **rodstripet(e)**. Det ene alternativet må gjennomføres konsekvent: **-et** eller **-ete**. Vi kan tilrå utjamning for alle ord av denne typen. Det er viktig at vi ikke blander denne typen sammen med typen **encella** eller **encellet**.

Når det gjelder forbindelser av adjektiv og preposisjon, kan de føles som mer eller mindre faste (kollokasjoner), og da står ofte adjektivet ubøyd i flertall. Det bør ikke veksles mellom ubøyd adjektiv og regelrette bøyde former. En forfatter bør skrive enten **de var fornøyd med svaret** eller **de var fornøyde med svaret** (vi konsekvensretter med rødt for hvert uttrykk).

Om pronomen nevner vi at **han** valgfritt har **han** eller **ham** som objektsform. Vi utjamner veksling med rødt gjennom hele manuset. **Man** og **en** er valgfrie i subjektsposisjon (nevneform), og her godtar vi veksling uten å utjamne. Som objekt og i preposisjonsuttrykk kan det derimot bare hete **en**.

Merk at man på bokmål godt kan kombinere **en bok** med **boka**, ved siden av **ei bok** – **boka**. **Ei bok** – **boken** går derimot ikke.

Bøyningsfeller

Merk at de adjektivene som har grunnbetydningen "full av ...": **en steinet(e)** vei, **en fillet(e)** ungdom, **en storblomstret(e)** kjole, må ha **-ete** i bestemt form og flertall: **den steinete** veien, **fillete** ungdommer, **de storblomstrete** kjolene. De kan ikke ha **-ede** og heller ikke **-a**: En form som ***steina** bakker er umulig. Merk at **skya** vær derimot går, ved siden av **skyet** vær, for **skya**

(**skyet**) er et sjeldent unntak fra dette mønsteret.

Av adjektiv som er gamle eller uekte partisipper av sterke verb, er det flere typer. En gruppe bøyes slik: **en overdreven redsel** – **et overdrevent** anslag – **overdrevne** tap (hit hører **blåfrossen**, **fordrukken**, **henfallen** o.a.). En annen gruppe følger dette mønsteret: **en omskreven** eller **omskrevet** formulering – **et omskrevet** avsnitt – **omskrevne** sider (gjelder **avskåren**, **oppstrukken**, **gjeldbunden** o.a.). Den tredje hovedgruppa går slik: **en jettrevet maskin** – **et jettrevet** fly – **jettrevne** maskiner (det gjelder **atomdrevet**, **heltrukket**, **innbundet** o.a.). Bruk ordliste for å få oversikt over dette.

4.3 Dei praktiske skrivereglane

4.3.1 Allment

Praktiske skrivereglar er ei samlenemning på ein del reglar og prinsipp av temmeleg ulik art. Felles for dei er at dei gjeld formale sider ved skriftleg framstilling, men i liten grad dei eigentlege språklege teikna. Nokre av skrivereglane grensar mot ortografi, andre støttar opp om setningsbyggnad og syntaks, og atter andre liknar meir på prinsipp i standardisering og trykjeriverksemd.

Det er naturleg å behandle reglane under eitt og i tilknytning til ortografi og bøyning. Nedanfor går vi inn på ein del av dei viktigaste punkta der det kan vere problem og uklare spørsmål. Framstillinga her kan ikkje erstatte den breiare drøftinga som finst i for eksempel Vinje: *Skriveregler/Skrivereglar*.

Dei praktiske skrivereglane er felles for bokmål og nynorsk.

4.3.2 På grensa til ortografi

Ein del reglar og prinsipp minner mykje om ortografiske reglar, fordi dei har å gjere med skrivemåten av ord.

4.3.2.1 Aksentteikn og andre diakritiske teikn

Det er vorte mindre bruk av aksentteikn i dei seinare åra, og teikna kan sløyfast i alle ord utanom særnamn. Merk at det på norsk ikkje

skal vere aksent i ord som **premiere** (på teater), **ampere** (uttalt *-ær* med trykk på denne stavinga), **kontroller**, **plasser** (imperativ av **kontrollere** og **plassere**) og **finer**, **morter** (ein kannon, trykk på *e*). Vi tek aksenten ut med raudt viss han står i slike ord.

Når det gjeld akutt aksent (høgreaksent, *accent aigu*, *´*), skal han sløyfast (raudretting om han står) i bøyge former som **alleen**, **entreen**, **ideer/idear**, **supeene/supeane**. Derimot bør vi i ubøygde form helst velje skrivemåtar som **allé**, **diaré**, **diskré** (= taktfull), **entré**, **idé**, **kafé**, **komité**, **kupé**, **moské**, **supé**, **trofé**. Gjer framlegg om dei med blyant og bruk raudt ved vakling. Regelen gjeld også uendra fleirtal av fleirstava framandord i nøytrum, som **relé** osv. (obligatoriske former på nynorsk, valfrie på bokmål, attåt **releer** osv.). Også her er aksentteiknet valfritt, som i ubøygde eintal, men vi rår altså til **to relé** osv., med aksent.

På nynorsk nyttar ein akutt aksent også i **fór** (preteritum av **fare**, uttalt med trong *o*-lyd). Det bør ein ikkje gjere på bokmål (rå ifrå det eller rett med raudt). Vidare kan presensforma av **late** på nynorsk skrivast **lèt** og preteritumsforma **lét**. Jamn ut med raudt innanfor det systemet som forfatternen har valt, og la aksent i presens trekkje med seg aksent i preteritum, og omvendt.

Når det gjeld grav aksent (venstreaksent, *accent grave*, *`*), kan vi på nynorsk nytte han i nokre få heimlege ord, for eksempel i **fôr**, uttalt med open vokal, som *å* (**plogfôr**), til skilnad frå **fôr** (til dyr, i klede) og preteritum **fór** (av **fare**), som begge har uttale med trong *o*-lyd, og **for** (preposisjon, konjunksjon). Dette gjeld altså berre nynorsk, der denne bruken er valfri. Det er rimeleg å sjå bruken av akutt aksent og grav aksent i samanheng, slik at systemet blir så ein-skapleg som råd (anten aksent eller ikkje aksent i så mange tilfelle som mogleg).

I to ord, **en/ein** og **og**, kan vi på begge målformene setje aksentteikn for å skilje ordet frå eit anna ord som elles ville få same forma. **Én/éin** vil da oftast vere talord, mens **en/ein** gjerne er den ubundne artikkelen, slik vi kan sjå av desse eksempla: i Norge bruker vi én plugg i apparatet, det var en gang en konge. Der det ikkje er fare for feillesing, bør ein oftast velje **en/ein** framfor **én/éin**. I det andre tilfellet er **og** adverb (= også),

mens **og** kan være anten konjunksjon eller adverb. Merk at her er det grav aksent som skal brukast. På bokmål er dette den einaste bruken av grav aksent i heimlege ord. Mange skriv ***óg**, men det er verre enn ikkje noko. Skrivemåtar som **étt/éitt** kan vi ta ut med raudt (dobbel t er nok).

Det er feil å skrive ***vår** eller ***vár** (= sky, blyg) for å skilje det frå **var** (av **være/vere**). Er det fare for feillesing, må ein heller forandre teksten slik at han blir eintydig.

Teikn som trema (*¨*), tilde (*~*) og cirkumfleks (*¨* "møne", *^*) er sjeldne på norsk. Men i mange europeiske språk (også samisk, islandsk og færøysk) nyttar dei nokre av desse og andre diakritiske teikn, og vi kan møte slike teikn i stadnamn og andre særnamn. Sjå *Geografilista* og oppslagsverk. Cirkumfleksteiknet bruker ein berre i **fôr** med avleiingar og samansetningar, på nynorsk dessutan i ord som **vêr** (ein v. = saubukk, eit v. = klima) og **lêr** (= skinn). Det kan sløyfast i alle ord utanom utanlandske namn. Derfor er det valfritt å skrive **fôr** eller **for**, **vêr** eller **ver** (bokmål **vær**), **tête-à-tête** eller **tete-a-tete**. Sørg for at teiknbruken her går inn i eit system med annan aksentbruk i manuset, men ver ikkje for streng med å jamne ut, for ulike teikn må ein òg sjå kvar for seg.

Merk at desse skrivemåtane er obligatoriske: **Jämtland**, **Härjedalen**, **Bohuslän** (når ein skriv om dei som svenske landskap frå 1600-tallet av), **Göteborg**, **Köln** (men **køln(er)vann/køln(ar)vatn** og **kølnsk**). Svenske og tyske (og finske) namn skal med andre ord ha dei grafiske variantane **ö** og **ä**.

I nokre framandord frå fransk nyttar ein aksentteikn: **chargé d'affaires**, **vis-à-vis**, **à jour**. Derimot heiter det for eksempel **a konto**, for det uttrykket kjem frå italiensk. I samansetningar, for eksempel **ajourføre**, fell aksentteiknet bort sjølv om det høyrer med i grunnordet.

Vi må altså sjå etter vakling mellom aksentteikn og ikkje aksentteikn i same ordtypen og særleg i same ordet (må utjamnast). Også feil bruk av grav aksent (*`*) der det skal vere akutt aksent (*´*), må sjølvstøtt rettast.

4.3.2.2 Særskrivning og samanskriving

Særskrivning og samanskriving av ord og uttrykk (omgrepa er forklarte i 4.1.1.2) er eit samansett felt, og det tek tid å bli stø i reglane.

Vi må for det første rette galen særskriving av samansette ord, som vi særleg ser ved substantiv (som ***mønster bedrift**, ***opphørs salg** / ***opphøyrssal**). Feil som dette kjem for det meste av påverknad frå engelsk og er eit problemområde for seg. Mange irriterer seg over dei, og det er viktig at ein slår ned på dei. Les meir om det i 7.2.5.2.

Nedanfor konsentrerer vi oss om eit anna problemområde. I norsk er det ein del faste uttrykk eller grupper av ord som skal særskrivas: **i dag**, **mang en/ein**, **for så vidt**, men som ofte blir skrivne i eitt (det var regelen for mange av dei før: ***idag** osv.). På den andre sida finst det òg samansette ord som ofte blir behandla som ordgrupper og får særskriving enda det er gale: ***alt for** (skal vere **altfor**), ***over alt** (skal vere **overalt**) osv. I visse tilfelle har vi valfrie variantar og i atter andre nærståande ord som ikkje må blandast saman (**blant** – **iblant**). Eit oversyn over dei vanlegaste problemorda og -uttrykka kan ein finne i Vinje: *Skriveregler/Skrivereglar*.

Ein regel seier at ord som kan stå aleine, oftest skal skrivast åtskilde i faste uttrykk: **i dag**, **over bord**. Men det er fullt av hol i denne regelen. I nokre tilfelle skal det alltid vere samanskri-ving: **dei gjekk igjennom dei nye papira** (trass i at **i** og **gjennom** er eigne ord). Nokre preposisjonar, som **fra/frå**, **gjennom** og **mellom**, får nemleg oftast lagt til **i** når dei er etterstilte eller har adverbial funksjon: **seie ifrå om noko**, **heile året igjennom**, **han la ikkje fingrane imellom**. Det kan òg vere ulik tyding, som det er mellom adverbet **iblant** ("somme gonger") og preposisjonen (**i**)**blant**. Andre uttrykk skal delast enda eitt av ledda ikkje kan stå aleine: **i fjor**, **i hjel/hel**.

Dei følgjande uttrykka blir ofte skrivne i eitt, men det er feil, for dei skal særskrivas: **alt sammen/saman**, **av di** (berre nynorsk), **den gang/-gong**, **den slags**, **en/ein del**, **etter at**, **etter hvert/kvart**, **for lengst**, (**for**) **så vidt**, **for øvrig** (berre bokmål), **i hvert fall** (berre bokmål), **langt (i)fra/(i)frå** (også i tydinga "på ingen måte"), **mang en/ein**, **om bord**, **om lag**, **over bord**, **på ny(tt)**, **så menn**, **så som**, **til dels**, **til sammen/saman**, **til stede/stades**.

På begge målformene kan ein velje mellom **for di** og **fordi**, mellom **for resten** og **forresten**, mellom **i alle fall** og **i allfall** mellom **så framt** og

såframt (på bokmål går også former med **fremt**), mellom **så pass** og **såpass**. Ved andre uttrykk skil målformene lag: **rettnok** skal samanskrivast på bokmål, mens det heiter **rett nok** på nynorsk, ved **visst nok** har ein berre dette alternativet på nynorsk, mens ein òg kan skrive **visstnok** på bokmål, attåt **visst nok**. På bokmål er det dessutan valfritt med **riktig nok** eller **riktignok** (bør ikkje brukast på nynorsk).

Mens ein på nynorsk må skrive **i staden** (**for**), kan ein på bokmål velje mellom **i stedet** (**for**) og **isteden(for)**. Ein detalj som ikkje gjeld særskriving eller samanskri-ving (fordi begge delar er tillatne), men som likevel skil målformene, er at ein på nynorsk kan skrive **like eins** eller **likeins**, mens bokmål har **like ens** eller **likeens** (ein e meir i det siste ordet).

Når det gjeld uttrykk med valfri særskriving, kan forfattarar kombinere **for resten** og **såpass** utan at vi bør jamne ut det, for det er tale om to ulike ord(grupper). Men der same ordet har to moglege former, må ein i kvart tilfelle gjennomføre anten den eine eller den andre skrivemåten – altså anten **for di** eller **fordi**, anten **for resten** eller **forresten** osv.

Men somme variantar har ulik tyding, blant anna desse: **altfor** (= **i** for høg grad) og **alt for** (som i "Alt for Noreg"), **ettersom** (= **fordi**) og **etter som** (= etter kvart som, og i uttrykket **alt etter som**), **overalt** (= alle stader) og **over alt** (= framfor alt, høgare enn alt). Vidare heiter det **det var ein gong...** med mellomrom mellom dei to siste orda, men i **ikke engang** / **ikkje eingong** skal det vere samanskri-ving. På bokmål skil vi òg mellom **ifølge** (konjunksjon, viser til ei kjelde e.a.) og **i følge (med)** (= saman med). På nynorsk skal ein helst ikkje nytte konjunksjonen ***ifølgje**. Skilnaden mellom former som **innover** og **inn over** omtaler vi i 6.4.5.

Bruk ordlista flittig.

4.3.2.3 Store eller små bokstavar?

Store eller små forbokstavar er eit stort og mangfelt problemområde. Det er særleg ved namn og nemningar vi kan kome i tvil. Vi må ha klart for oss at stor forbokstav merkjer ut særnamn. Dette er eit viktig skilje i språket, og det er ein av dei viktigaste funksjonane som dei store bokstavane har.

Overdriven bruk av store forbokstavar ser vi ikkje minst i namn på butikkar og private firma. Vi må alltid respektere den skrivemåten private namneberarar har valt (bruk telefonkatalogen!), men elles bør vi motarbeide unødvendig bruk av stor forbokstav når vi kan.

Det finst ei gråsone av namn og nemningar på etatar, avdelingar, funksjonar osv. i det oftentlege og det private, frå **folkeregisteret** over **lovavdelingen/lovavdelinga** og **byplankontoret** til **sekretariatet** og **kantina**. I denne sona kjem ein ofte i tvil. Ein tommelfingerregel er at dersom eininga har ein viss storleik og er heller sjølvstendig, med eige brevpapir osv., talar det for stor forbokstav (det er særnamn). Men mange gonger er to løysingar moglege, og vi bør ikkje vere for strenge. For eksempel kan ein nok nytte **Folkeregisteret** om det einskilde kontoret (kortform av for eksempel **Førde folke-register**), men helst **folkeregisteret** om etaten.

Eit ord som til vanleg er samnamn, kan få stor forbokstav når det i ein særskild samanheng blir nytta nærmast som særnamn: **saken blir lagt fram for Rådet**. Men ofte bør vi her gjere framlegg om **rådet**.

Ein kan alltid skrive **regjeringen/regjeringa** med liten forbokstav. Men også **Regjeringen/Regjeringa** er tillate når det er tale om institusjonen. **Kongen** skal ha stor forbokstav berre som statsorgan, for eksempel i **saka vart lagt fram for Kongen i statsråd**. **Stortinget** har stor forbokstav når vi talar om statsorganet, eventuelt bygningen, liten derimot når ein behandlar det som samnamn: **et nytt storting trer sammen i høst**. Som namn på statsorgan eller bygning bør det få stor forbokstav også i ubunden form: **vårt ærverdige Storting**.

Statsinstitusjonar med fleirordsnamn skal ha stor forbokstav berre i det første ordet, forutan i eventuelle særnamn. Det heiter **Fylkesmannen i Rogaland**, men **Statens landbruksbank**. Ved namn av typen **Norges/Noregs Bank**, med særnamn som første ord, er ein skrivemåte med liten forbokstav i ord nummer to – **Norges/Noregs bank** – tillaten. Mange etatar med slike namn har valt stor bokstav, og det bør vi følgje opp. Sjå i telefonkatalogen o.l.

Merk at **Fylkesmannen i Rogaland** er kontoret eller etaten, mens tittelen må vere **fylkes-**

mannen (i Rogaland). Titlar skal alltid ha liten forbokstav (også **kong Harald**). Når det er tale om personen, høver liten forbokstav best (**fylkesmannen, kongen**). Rå til det.

Legg òg merke til skrivemåtar som **EU-kommisjonen** og **EF-domstolen**, der sisteleddet skal ta til med liten bokstav.

Nokre namn på programpostar i radio og fjernsyn er nærmast vortne til samnamn. Vi godtek **dagsnytt, dagsrevyen** og **ønskekonserten/ønskjekonserten** med liten forbokstav attåt variantane med stor.

Namn på ostar, fruktsortar og husdyrassar skal normalt ta til med liten bokstav: **brie, gammalost, gudbrandsdalsost, gråpære, jarlsberg(ost), normanna, åkerø, charolais(okse), hereford, norsk raudt fe, telemarksku**. Til vanleg kan vi rette til desse skrivemåtane. Vi kan gjere framlegg om liten forbokstav i **transparent, grev moltke, ingrid marie, senga sengana** osv.

Merk at **jorda** (bokmål også **jorden**), **sola** og **månen** skal skrivast med liten forbokstav (også som namn på himmellekamar).

Tilføyingar framføre særnamn skal ha stor forbokstav: **Vinter-Norge/Vinter-Noreg**. Og når eit namn som **de Gaulle** innleier ei setning, er det valfritt å skrive det med liten **d-** eller velje **De Gaulle ...**

Når det gjeld omgrep som **Bergens-dialekt** og nemningar som **Maastrichttraktaten** og **Warszawapakta**, viser vi til 4.3.4.1.

Måleiningar som ein skriv fullt ut, skal ha liten forbokstav: **ampere, volt, megabyte**. Men når ein forkortar dei eller nyttar symbol, er stor bokstav det rette: **V** (= **volt**), **M** (= **mega-**), **G** (= **giga-**), **C** (= **karbon**). Merk skilnaden på **k** (= **kilo-** = 1000) og **K** i dataterminologi (= 1024), for eksempel **KB** = **kilobyte**. Det er valfritt om ein vil skrive måleininga (for eksempel **watt**) i full form med liten forbokstav eller som symbol med stor bokstav (**W**) i samband med siffer som fortel om mengd: **400 watt** eller **400 W**.

I samansetningar med ein bokstav som forledd skal det dels vere stor, dels liten bokstav. Det heiter **X-kromosom**, men **x-akse**. Der bokstaven gjev att forma på noko, skal han til vanleg vere stor: **T-skjorte** o.a. Bruk ordliste. Merk denne fordelinga: **D-dur**, men **d-moll**.

Ved ein viss type forkortingar gjeld spør-

målet ikkje berre forbokstavar, men store eller små bokstavar i det heile. Her varierer det litt frå ord til ord kva vi kan eller bør gjere. I mange vanlege nemningar er det valfritt med store eller små bokstavar, og da bør vi slå eit slag for dei små. Gjer gjerne framlegg om **pc** for **PC** i manus (merk at også **pd** eller **PD** er tillate), **edb** for **EDB**, **tv** for **TV** og **wc** for **WC**. Aktuelle framlegg no om dagen er **cd** for **CD** og **cd-rom** for **CD-ROM**. Bruk *Forkortingsboka* viss du er i tvil.

Merk at i stikkordlister skal orda til vanleg stå med små forbokstavar (det gjeld sjølvsagt ikkje særnamn og forkortingar og symbol der stor forbokstav er det rette). Vi kan bruke raudt viss det er nytta store bokstavar i vanlege ord i slike lister.

4.3.2.4 Apostrof

Apostrof markerer genitiv ved ord som sluttar på **-s**, **-x** eller **-z**: **Klaus' bok**, **SAS' ruteopplegg**, **Marx' teorier**, **Grete Waitz' innsats**. (Slik genitiv blir som kjent mest nytta på bokmål.) Det skal ikkje vere apostrof ved andre genitivsuttrykk, heller ikkje ved initialord: **EUs direktiv**, **FNs generalsekretær**, **NRKs reportere**. Ein skal aldri bruke både apostrof og genitivs-s (sjå også 7.2).

Dersom ein for eksempel forkortar eit årstal til dei to siste siffera, bør det ikkje stå apostrof: **det var i 91 eg først treffe ho**. ***Vinter-OL '94** er ikkje etter regelen og kan rettast med raudt.

Det skal ikkje vere apostrof, men bindestrek i former som **x-en** (jamfør 4.3.4.1).

4.3.2.5 Orddeling ved linjeskift

Vi rettar til vanleg ikkje orddelingsfeil i manuskript, for dei blir justerte i den endelege trykken. Men viss det er heilt tydeleg at ein forfattar eller trykkjar ikkje kjenner reglane, bør vi rette orddelingsfeil òg.

Hugs at vi kan nytte både einkonsonantregelen og eit morfologisk delingsprinsipp ved usamansette ord og bøyingsformer: **syers-ke** eller **syer-ske**, **rada-ren** eller **radar-en**. Vi kan ikkje krevje konsekvens i manuset når det gjeld dette.

4.3.3 I staden for ord

I ein del tilfelle skriv ein ikkje ord på vanleg

måte, men nyttar einingar som tyder det same – siffer, symbol, forkortingar.

4.3.3.1 Siffer

Små tal

Tal opp til tolv eller så bør skrivast med bokstavar når det ikkje er noko spesielt til hinder for det: **mannen fekk ti-tolv slag i ansiktet og vart sjukmeld i tre veker, men alt den åttande dagen gjekk han på jobb**. Det same gjeld større, runde tal: **femti år, tusen fjordar, tusen fjell**. Små tal som står saman med store, skriv ein gjerne som dei store, det vil seie oftast med siffer: **23 sekker salt på 2 pallar**. Men her kan vi òg følgje det omvendte prinsippet: **tjuetre sekker salt på to pallar**. Også kombinasjonar (**23 kg ... i fjorten ...** er moglege og bør ikkje sjeldan godtakast (når dei ikkje verkar distraherande).

Små tal som skal verke svært nøyaktige, kan alltid skrivast med siffer: **2 måneders kreditt, fengsel i 5 år**. Små tal med nemning må ha siffer når nemninga er forkorta: **3 kg, 6 l**.

Vi kan vere i tvil om vi skal rekne ordet etter eit tal som ei nemning eller ikkje, og dette skil seg gjerne frå setning til setning: **2 måneders kreditt – jeg har vært bortreist i to måneder, pakken veg ein kilo – portogrensa går ved 1 kilo, 100 år kan verke meir nøyaktig enn hundre år**; og vi må avgjere om det er nødvendig å vere så nøyaktig i setninga.

Tal i samansetning

Bruker ein siffer, må ein skrive slik: **17. mai-tog, 50-årsjubileum**. Med bokstavar blir det **syttandemaitog, femtiårsjubileum**. Ein av desse skrive-måtane må gjennomførast med raudt dersom det er vakling ved eitt og same ordet, og vi bør gjere framlegg med blyant om den eine eller andre måten for alle uttrykk av (om lag) same typen.

Skriv aldri ***1000-vis, *4-del** o.l. Her må det vere bokstavar: **tusenvis, firedel** (eller **fjerdedel**). Men det bør vere valfritt med **50-kilometeren** eller **femtikilometeren**.

4.3.3.2 Prosent- og promilleteikn

Prosentteiknet og promilleteiknet bruker ein

berre saman med siffer, og det skal vere eitt mellomrom mellom sifferet og teiknet: **25 %**, **2 %**. I samanhengande tekst skriv vi **prosent** eller **promille**: Kor mange prosent er dette?

Unngå skrivemåtar som **%-vis**. Rett med raudt viss dei er nytta i samanhengande tekst. Dei bruksmåtene som vi rår ifrå her, kan godtakast der det er trøngt om plassen, som i tabellar.

4.3.3.3 Forkortingar

Ei lærebok bør ikkje ha for mykje av forkortingar i vanleg tekst. Mange synest at forkortingar forstyrrar lesinga, og dessutan får forkortingane lett teksten til å verke teknisk, eller dei gjev han eit ekskluderande drag på andre måtar. På denne bakgrunnen kan vi ofte gjere framlegg om eller rette til fullskrivne former i samanhengande tekst, for eksempel **kapittel** i staden for **kap.** Vi kan òg gjere framlegg om ordinære ord i staden for initialord, som **fjernsyn** for **tv**.

I tabellar, bilettekstar o.l., kan det vere trøngt om plassen, og forkortingar er meir nyttige her enn i samanhengande tekst. Vi rettar derfor ulikt i dei to teksttypane. I vanleg tekst bør ein skrive for eksempel de løp flere kilometer, ikkje *de løp flere km, som vi kan rette. I ei kolonneoverskrift bør vi derimot godta for eksempel Tablet på km. I vanleg tekst kan vi gjere unntak for talopplysningar med **per** (**pr.**), som ofte får ein teknisk dâm og nesten fungerer som ei måleining: vegen stig 9 cm pr. m. Vi godtek forkorta form her (men kan rå til **meter**).

Tidlegare kunne ein sløyfe punktum i alle forkortingar der det ikkje vart fare for mistyding. Denne regelen gjeld ikkje lenger. No er systemet slik at dei fleste vanlege forkortingar, som **bl.a.**, **f.eks.** **dvs.** og **osv.** (der punktum var valfritt), skal ha punktum, mens einingar for mål og vekt, valutaer o.l. (**kg**, **dl**, **m**, **kr** osv.) og initialforkortingar (som **AUF**, **EU** og **Nato**) alltid skal skrivast utan punktum, som før.

Fleirordsforkortingar skriv ein som regel utan mellomrom: **dvs.**, **etc.** (helst **osv.**), **mht.**, **moh.**, **pga.**, **vs.** Men for å unngå feillesing skriv ein: **bl.a.**, **e.l.**, **f.eks.**, **m.a.o.**, **o.l.**

Som regel skal det ikkje vere bøygde former av forkortingar: **g.** = **gang/gong**, **gangen/gongen**, **ganger/gonger**, **s.** = **side**, **sider**, **sidene** (ikkje ***ss.**), **f.** = **de følgende sidene** / **dei følgjan-**

de sidene (ikkje ***ff.**). Men forkortingar som vi les som ei bokstavgruppe, kan få bøyingsendingar: **pc-en**, **pc-er/pc-ar**, **pc-ene/pc-ane** eller **PC-en**, **PC-er/PC-ar**, **PC-ene/PC-ane**. Når ei forkorting er ledd i ei samansetning, skal det vere bindestrek mellom ledda: **IT-plan**, **FN-vedtak**, **farge-tv**, **sommar-OL**.

Merk også genitivsformer som **EUs**, **FNs**, **NRKs** utan apostrof, men **SAS'** ruteopplegg osv. (jamfør 4.3.2.4).

Dersom eit manus vekslar mellom forkortingar og fullskrivne former, bør vi prøve å lage eit meir einsarta system. Vi bør bruke blyant, men viss vekslinga forstyrrar lesinga mykje, kan vi jamne ut med raudt. Når det gjeld **bl.a.** (**blant annet/anna**), **f.eks.** (**for eksempel**), **m.a.** (**mellom anna**) og **t.d.** (**til dømes**), godtek vi at forfattaren vekslar mellom forkortingar og fullskrivne former i boka, men det bør vere konsekvens i tekststykke som ligg nær kvarandre. Først i setninga bør ein nytte fullskrivne former, og her kan vi rette eller rå til det.

Merk desse forkortingane:

AS (ikkje A/S)

bl.a. (blant annet/anna)

°C (mellomrom mellom talet og symbolet: 20 °C)

edb (helst) eller **EDB**

eg./eig. (ikkje egt.)

e.l. (ikkje e.likn.)

et. (ikkje etg.)

etc. (heller: osv.)

e.Kr. (etter Kristus)

ev. (ikkje evt.)

f.eks. (for eksempel)

f.o.m. (frå og med)

f.Kr. (før Kristus)

g. (gate, gata)

jf. (ikkje jfr.)

km/h eller **km/t** (helst det siste i allmennspråk)

kr (utan punktum)

mfl. (med fleire)

mht. (bokmål; med hensyn til)

m.m. (med meir)

m.o.t. (nynorsk; med omsyn til)

mv. (med vidare)

m.a. (mellom anna)
mva. (meirverdiavgift)
moh. (meter over havet)
muh. (meter under havet)
mrd. (milliard(ar))
mill. (million(ar))
min (minutt(ar), utan punktum)
md. (månad(er); ikkje mnd eller mdr.)
nkr (helst) eller **NOK** (i internasjonal samanheng)
o.a. (og anna, og andre)
ofl. (og fleire)
o.l. (ikkje o.likn.)
osb. (og så bortetter)
osv. (og så vidare)
pst. (prosent)
pga. (på grunn av)
s el. **sek** (helst det siste i allmennspråk)
sep. = september
tv (helst) eller **TV**
t.d. (til dømes)
t.o.m. (til og med)
v. (veg, vegen)
vha. (ved hjelp av)
vsa. (ved sida av)

Sjå elles Løland og Leira: *Forkortingsboka*.

4.3.4 Tre slags strekar

Bindestrek, tankestrek og skråstrek blir ofte blanda saman, ved at ein nyttar bindestrek i staden for tankestrek, til dels også omvendt, eller ved at ein nyttar skråstrek der bindestrek (eller andre teikn) ville vore betre.

4.3.4.1 Bindestrek (kort strek)

Også bindestrekbruk grensar mot ortografi. Mange set inn bindestrek når orda blir lange. Vi kan godta det iblant om det gjer ordstrukturen klarare (i **statstenestemanns-organisasjonar** viser bindestreken kvar hovudskiljet i samansetninga går). Men elles er ikkje ordlengda automatisk noko kriterium. Vi bør ofte gjere framlegg om at bindestrek skal sløyfast, også i lange ord (jamfør ovanfor) og der like bokstavar støyter saman (**skule-elev**, **diva-aktig**).

Men her må vi ta skrivopedagogiske omsyn. I bøker for barn opp til tredje-fjerde årssteget

godtek vi bindestrek i mange posisjonar der vi elles ville ha retta.

I samansetningar

Ein nyttar bindestrek i samansetningar der det er utelate eit ledd som er felles: **bygge- og anleggsvirksomhet** (jamfør **bygg og anlegg**, kortform), **bestefedrar og -mødrer**. Ofte bør vi i slike tilfelle gjere framlegg om fullskrivning, for det kan bli tvil om tydinga. Er **Tana- og Karasjokvassdraget** eitt eller to vassdrag? **Bil- og båt-eigarar** – eig dei bil eller båt eller begge delar? Krev klargjering frå forfatteren dersom meininga er uklår.

Bindestrek blir også brukt i samansetningar med fleire sideordna ledd: **bensin-luft-blending**, **mage-tarm-kanalen**, **munntil-munnmetoden**, og i gruppesamansetningar, det vil seie der ei gruppe ord til saman er knytt til eit etterledd: **Donald Duck-blad**, **Ivar Aasen-vegen**.

Når vi set **ikke-/ikkje-** framføre eit ord for å avgrense eit omgrep negativt, skal det vanlegvis vere bindestrek: **ikke-magnetisert**. Men nokre få slike ord står i ordlistene utan bindestrek: **ikkeangrepspakt/ikkjeangrepspakt**, **ikkevold/ikkjevald**.

Der tre konsonantar støyter saman, er det valfridom, som i **slutt-tegn** eller **sluttegn** (det siste alternativet med berre to t-ar). Her kan vi likevel rå til den siste varianten (og rette til han ved vakling).

Merk at desse orda skal skrivast utan bindestrek: **adhokomité**, **akontobetaling** (men **ad hoc** og **a konto**) osv.

Der eit ord er sett saman med eit særnamn først, er det ofte rett å nytte stor bokstav og bindestrek: **to nye Clinton-vitsar**. Men svært innarbeidde omgrep skal skrivast slik det er vanleg for samnamn: **ein kilo gudbrandsdalsost**, **nye selbuvotter**. Ikkje sjeldan kan ein velje mellom å skrive ordet med stor forbokstav og bindestrek, for eksempel **Bergens-dialekt**, og å skrive det i eitt, med liten forbokstav: **bergensdialekt**. Ved somme politiske nemningar står valet mellom ein variant med stor bokstav og bindestrek og ein med stor bokstav utan bindestrek: **Maastrichttraktaten** eller **Maastricht-traktaten**, **Osloavtalen** eller **Oslo-avtalen**. Merk likevel at ein etter historielista frå Språkrådet skal skrive

historiske nemningar som **Gyldenløvefeiden/ Gyldeløvestriden** og **Wienkongressen** utan bindestrek. I ordbøkene står òg **Warszawapakten/ Warszawapakta** skrivne slik. Før vi rettar ord som dette, må vi undersøkje saka med dei kjeldene vi har.

Vi ser at forfattarane kan ha fleire måtar å velje mellom. For oss er det viktig å slå opp i ordboka og nytte sunt vit. Vi bør rå til at forlaget og forfattaren nyttar eit enkelt og konsekvent system for slike samansetningar gjennom heile manuset.

Ved forkortingar o.l.

Ein nyttar bindestrek når forkortingar o.l. skal setjast saman med andre ord eller skal bøyast: **EU-medlem**, **C14-datering**, **pc-en** eller **PC-en**, **NTL-ar**. Dette gjeld òg i samansetningar med siffer, som **80 km-sone** eller **80-kilometersone**, **10-årsalderen**, **2-etasjes** (i dei to siste kan vi rå til **tiårsalderen** og **toetasjes**, i same rekkjefølgja). Merk: **NATO-land** eller **Nato-land** eller **nato-land** (og sameleis for andre samansetningar der forleddet følger mønsteret **NATO** eller **Nato**). Bindestrek blir òg brukt når ein behandlar bokstavar på denne måten: **x-en**, **x-ar**, **x-ane**, **x-akse**.

4.3.4.2 Tankestrek (lang strek)

I trykt skrift er ein tankestrek normalt lengre enn ein bindestrek. Men i skrivemaskintekst og til dels i pc-tekst blir bindestreken brukt i staden for tankestrek (- -) er ikkje noko brukande alternativ, berre eit provisorium som forlaget må rette opp før boka går i trykken.)

Det skal stå tankestrek mellom ytterpunkt i tid og rom og mellom andre motpolar. Streken svarer i slike tilfelle til "frå ... til", "mellom ... og": 1. mai–10. september, sytti–åtti personar, sidene 2–10, vegen Rjukan–Kongsberg, forholdet Lenin–Inessa Armand, kampen Noreg–Sverige (utan mellomrom på kvar side av tankestreken).

Merk skilnaden mellom desse to uttrykksmåtene:

dobbelmonarkiet Austerrike-Ungarn (bindestrek ved sidestilte ledd)
 fotballkampen Austerrike–Ungarn (tankestrek, i tydinga "mellom ... og")

4.3.4.3 Skråstrek

Skråstrek tener først og fremst til å vise alternativ (= eller): **av/på-knapp**, **lese- og/eller skrive-dyktig**. For å vere kjønnsnøytrale skriv mange **han/ho**, men her bør vi rette eller rå til **han eller ho** i samanhengande tekst (skråstrek kan godtakast i tabellar o.l.). Kombinasjonen **og/eller** er populær, men ikkje alltid like nødvendig, og her kan vi ofte gjere framlegg om anten **og** eller **eller** aleine. Hugs at det skal vere mellomrom på begge sidene av skråstreken viss minst eitt alternativ har meir enn eitt ord: heime / på arbeid.

Skråstrek kan også vise forhold og forholds- tal: **bensin/luft-forholdet**, **30 km/t**.

Det skal ikkje vere skråstrek ved datoar eller når ein gjev opp tidsrom. Merk at ein skriv forkortinga **AS** utan skråstrek. Men respekter firma som nyttar andre variantar for sin eigen del.

Skråstrek er til dels svært populært. Vi kan ofte ta ut skråstrekar med raudt eller med blyant, særleg når tydinga blir uklar, og når bindestrek eller andre teikn er riktigare. Skråstrekar skal ikkje nyttast ved datering (***13/5-98**), og vi kan rå ifrå variantar som pølse m/brød (betre med punktum: pølse m. brød) og styret v/leiar (betre: styret v. leiar).

Når ein skråstrek må setjast ved slutten av ei linje, må han stå før ein tek linjeskift, og ikkje kome på neste linje.

4.3.5 Skiljeteikn og mellomrom

Skiljeteikn er ikkje språkteikn, men skal byggje opp under setnings- og periodeinndeling og dermed meininga i teksten. Vi skil mellom store skiljeteikn, det vil seie punktum, spørsmåls-teikn og utropsteikn, som krev stor forbokstav etter seg, og små skiljeteikn (dei andre), som ikkje gjer det.

Mellomrom (breiddesteg) skil ord og andre teikn frå kvarandre. I ein del samanhengar lèt forfattarar ofte vere å setje mellomrom der det etter grelane skal vere slike.

4.3.5.1 Komma

I lærebøker skal ein i hovudsak nytte grammatisk kommasetjing. Særleg når vi vurderer komma mellom setningar, ser vi i praksis nesten

heilt bort frå den regelen som seier at ein kan setje komma "der det er naturleg med ein pause". Anten skal det stå komma, eller det skal ikkje stå komma – det vurderer vi ut frå tydinga og ein analyse av setningane. Feil rettar vi med raudt.

Regelen om "pausekomma" kjem oftare inn når vi skal vurdere om innskot, tillegg o.l. skal skiljast ut med komma. I slike tilfelle kan ein ha valfridom, og spørsmålet er da om komma gjer meininga klarare eller lesinga lettare. I så fall bør ein setje komma, og som konsulentar kan vi gjere framlegg om det.

Mellom sideordna ledd

Om det manglar komma mellom sideordna heilsetningar ("hovudsetningar") innanfor same perioden, skal vi setje det inn med raudt (aktuelt framføre **og, eller, for** osv.): han kjente ikke saken, for han var ikke til stede på møtet.

Merk at dette *ikkje* gjeld imperativsetningar, der vi tvert om tek ut komma med blyant (med raudt ved vakling): Rekn ut() og trekk saman. Men kjem det for eksempel eit tillegg som berre gjeld den eine setninga, kan komma vere på sin plass: Bruk blyant, eller rett med rødt hvis det kan forsvares ut fra sammenhengen. Setningslengda bør derimot ikkje spele noka rolle, verken for imperativsetningar eller andre typar setningar.

Det skal også stå komma mellom sideordna leddsetningar ("bisetningar") innanfor same perioden. Vi set komma inn med raudt her òg viss det manglar: konklusjonen er at bladet framleis bør kome ut, at marknadsføringa må bli betre, og at arbeidet med å skaffe abonnentar skal intensiverast. Dette gjeld vel å merke når forfattaren tek opp att innleiingsordet (**at, fordi, hvis/viss, når, som** e.a.). Men det bør *ikkje* vere komma mellom leddsetningar med felles innleiingsord: når morgenen kommer() og sola står opp, spretter vi ut av senga. Står det komma her, tek vi det ut med raudt. Det same bør vi gjere om den første av to vilkårssetningar er forma som ei spørjesetning: krever ikke trygdekontoret bevis() og bruken er lovhemlet, godtas ordningen.

Det skal alltid stå komma framføre **men**. Set det inn med raudt: ikkje eg, men du skal gå. Vi

ser at det ikkje står komma etter **du**, og slik bør det til vanleg vere: Det leddet som **men** innleier, bør ikkje avsluttast med komma (om det da ikkje er ei heil setning og fell inn under andre reglar). Vi kan rå til å ta ut komma her viss det står, særleg når leddet ikkje er eit tydeleg innskot. Her er det altså noko rom for skjøen.

I opprekningar der **og, eller** eller **men** er utelate, må vi setje inn komma med raudt dersom det manglar: verken Kari, Ola, Eva eller Jens kunne komme til middag, ho er ikkje genial, berre intelligent.

Set også inn komma med raudt mellom ledd som er sideordna med uttrykk som **dels – dels, noen/nokre, andre, snart – snart**: hun var dels et vanlig menneske, dels var hun det rene uhyre, somme liker dattera, andre svigermora.

Vi må passe på at det står komma mellom sideordna adjektiv utan konjunksjon. Merk skilnaden i tyding mellom desse to:

eit lite, vakkert ansikt

("eit ansikt som er lite og vakkert")

eit lite vakkert ansikt

("eit ansikt som er lite vakkert")

Etter føresette setningar

Etter ei leddsetning som står først i ei heilsetning ("undersetning før hovudsetning"), skal det alltid vere komma: som han har sagt, hjelper det lite å klage. Men det skal ikkje stå komma etter preposisjonsuttrykk (med infinitiv), heller ikkje om dei er lange: etter å ha studert språk og litteratur i mange år ved universiteter i Norge og utlandet() var hun endelig ferdig med eksamen. Står det komma etter **utlandet** her, tek vi det ut med raudt. Men resultatet kan bli enda betre om vi skriv om preposisjonsuttrykket til ei leddsetning, og da må det stå komma: etter at hun hadde studert språk og litteratur i mange år ved universiteter i Norge og utlandet,...

Det skal heller ikkje vere komma ved uttrykk som desse: uansett føreforhold() vil rennet bli arrangert, som før nemnt() vart saka utsett, sagt på en annen måte() blir varene billigere. Rett med raudt.

Når to setningar er knytte saman med uttrykket **jo – desto / di – di (dess – dess)**, er den

første av dei ei (føreset) adverbial leddsetning og må ha komma etter seg: di meir eg strever, di mindre tener eg. Er det ikkje tale om fullstendige setningar, kan vi rekne kommaet som valfritt: Jo mer skrik() desto mindre ull.

Vi set derimot komma inn med raudt etter ei innskoten leddsetning, nærmast same kor kort eller lang ho er: det stod i brevet hun skrev, at hun aldri ville tilgi ham.

Vi må òg passe på at det står komma framføre etterstilte setningar med ytringsverb: Du er utrolig morsom, hikstet Olav. Dette gjeld ikkje når det står utropsteikn eller spørsmålsteikn på plassen til kommaet.

Nødvendig eller unødvendig setning?

Skal det stå komma framføre etterstilte og innskotne leddsetningar? Det kjem an på om setninga er nødvendig eller ikkje. Viss ei etterstilt eller innskoten setning ikkje kan sløyfast utan at det endrar tydinga av heilsetninga, skal det ikkje stå komma. Derimot set vi inn komma med raudt framføre ei leddsetning som kan sløyfast, for den er ikkje nødvendig, grammatisk sett.

Substantiviske leddsetningar som er innleidde av **at** eller eit spørjeord (**hva/kva, hvor/kvar** osv.), er som regel nødvendige: hun ville() at vi skulle gå hjem. Det same gjeld relativsetningar der **som** er sløyfa eller kan sløyfast: den bilen() (som) ho køyrde med, var ein ny modell. Her tek vi altså ut komma med raudt viss det står (etter **bilen**). Eit eksempel på ei unødvendig adverbial leddsetning er den som følgjer etter komma i Bli nå ferdig med pakkingen, så vi kommer av gårde.

Spørsmålet om nødvendig eller unødvendig setning melder seg oftast når vi vurderer relativsetningar. Her er det oftast tale om behovet for å peike ut ein blant fleire. I den følgjande setninga må den vidare tekstsamanhengjen gje svaret: ved bygningen var det ein plass, der mange bilar stod parkerte. Kan det vere tale om meir enn ein plass? I så fall er setninga nødvendig, og komma bør sløyfast. I denne setninga er relativsetninga temmeleg sikkert unødvendig: min gamle venn, som jeg har kjent siden guttedagene, kommer på besøk i morgen.

Merk skilnaden i tyding her:

Han kritiserte de norske spillerne, som spilte elendig (= alle spelarane).

Han kritiserte de norske spillerne() som spilte elendig (= dei av spelarane som spelte dårleg).

Ei relativsetning kan vere unødvendig, grammatisk sett, sjølv om ho semantisk eller logisk trengst som ein karakteristikk, fordi det ikkje er tvil om kven eller kva ho peiker ut: Pål, som er lege, vet jo at dette er skadelig. Her er det snau tvil om kven Pål er, og vi bør følgje hovudregelen og setje inn komma med raudt framføre **som** dersom det manglar (det gjer det ofte).

Ved adverbiale leddsetningar (som fortel om årsak, følgje, tid osv.) er det til vanleg ikkje tale om utpeiking. Her må vi spørje: Kva er det viktige i det forfattaren seier, og kva er meir perifer?

Vanlegvis bør ein ikkje setje komma framføre **mens** (ho skreiv() **mens faren såg på**), utan om når det ligg føre ei motsetning: hun er liten, mens han er stor (her kunne det òg stått **men**). Dessutan bør vi oftast ta ut komma framføre tidskonjunksjonane **da, når, før, innen/innan, (inn)til, siden/sidan** og **etter at** og framføre **for at, sjøl (selv) om / sjølv om, som (om), hvis/viss, dersom, fordi** og **enn**. Derimot skal det som regel vere komma framføre leddsetningar som blir innleidde med **skjønt** (berre bokmål), **idet, med mindre, siden/sidan, da** (årsakskonjunksjon, berre bokmål), **så (at)**.

Men forfattarar kan velje om dei vil nytte komma i ei setning som denne: han vart ståande og tenkje() til sola gjekk ned. Her er leddsetninga eit lausare tillegg.

Når vi set inn eller tek ut komma framføre etterstilte setningar som dei ovanfor, kan vi nytte raudt om det kan forsvarast ut frå samanhengjen.

I desse setningane blir tydinga ulik:

Han skreiv stilen, slik at læreren vart fornøgd (= og dermed vart læreren fornøgd).

Han skreiv stilen() slik at læreren vart fornøgd (= på ein måte som gjorde læreren fornøgd).

Ved innskot, tillegg o.a.

Når ein nyttar komma (og ikkje tankestrekar eller parentes) til å skilje ut innskot, må det stå komma både framføre og etter innskotet: ho påstod, og det var ho heilt sikker på, at prisane ville stige. Det er fort gjort å gløyme det siste kommaet. Set det inn med raudt.

Ved apposisjonar kan ein ofte sløyfe komma – både føre og bak, i så fall: min venn, Kari Hansen, og hennes mann, Ola Hansen, drog først i går. Men vi kan få ulik tyding, og da gjeld det at komma er sett riktig:

Onkel Oskar, den beste venen min, og tante
Olga døydde i ulykka (= to personar).

Onkel Oskar, den beste venen min og tante
Olga døydde i ulykka (= tre personar).

Det bør ofte stå komma for å skilje ut parentetiske tillegg og forklaringar: turen kostar 5000 kr, alt inkludert, jeg søker stillingen, under forutsetning av at jeg får permisjon.

Til vanleg skal det stå komma når slike ledd tek til med **blant annet/anna (bl.a.), for eksempel (f.eks.), det vil si/seie (dvs.), eller** (i tydinga "det vil seie"), **eller rettere/rettare, især, nemlig/nemleg, særlig/særleg, til dømes (t.d.).** Her kan vi setje inn komma med raud penn.

Vi set også inn komma med raudt for å skilje ut svarord, tiltaleord, utrop o.l., og elles for å skilje ut ledd som er trekte ut av setninga og plasserte lengst framme eller lengst bak: Var du på treninga i dag, Petter? Orsak, kor mykje er klokka? Hvem kommer der, tro? Per, han er ein kjernekar. Hun har et behagelig vesen, den nye læreren.

Ta ut komma med raudt i tilvisingar til lovparagrafar. Ei tilvising bør sjå slik ut: forholdet er omtalt i miljøvernloven § 12 fjerde ledd bokstav c første punktum. Merk at namnet på lova ikkje har genitivs-s. Men viser ein til "lova" meir generelt, heiter det på bokmål (obligatorisk): forholdet er omtalt i lovens § 12. På nynorsk må ein her skrive ... i § 12 i lova. (Generelt kan ein gjerne skrive "paragraf" med bokstavar i staden for å nytte paragrafteikn.)

Pass på at det er komma (ikkje punktum) som blir nytta som desimalteikn: 7,8 cm, 0,4 s (sekund), kr 12,50 eller 12,50 kr.

4.3.5.2 Punktum

Den vanlegaste funksjonen til punktum er å skilje mellom periodar i samanhengande tekst. Denne bruken byr sjeldan på problem. Merk at det berre skal stå eitt punktum ved setningslutt, også om det der står eit ord med punktum: Han kjøpte sokkar, skjorte, slips osv. Hugs òg at punktum, som andre skiljeteikn, skal setjast inntil ordet framføre. Men når ein nyttar tre punktum for å vise at ein bryt av ei framstilling, skal det først setjast mellomrom (takast eit breiddesteg): sol og sommar ...

Punktum har òg ein del andre funksjonar.

Ved forkortingar

Dei fleste vanlege forkortingar skal no skrivast med punktum: **bl.a., ca., dvs., f.eks., osv.** Dette er obligatorisk og er ei endring jamført med tidlegare, da ein kunne sløyfe punktum i alle forkortingar der det ikkje var fare for mistyding eller feillesing. Sjå òg 4.3.3.3.

Derimot skal det ikkje vere punktum ved forkortingar (symbol) for mål, vekt, mynt og grunnstoff: **km, kg, kr, Ca** (kalsium) osv. og heller ikkje i initialforkortingar som **EU** og **Nato**. Merk: **min** (minutt(ar)), **s** eller **sek** (sekund(ar)), **U_{maks}** (men: **maks.** som generell forkorting for **maksimum** eller **maksimalt**).

I oppstillingar

Eit praktisk eksempel kan vise korleis ein bør setje punktum i oppstillingar. Merk at den typen som er vist, med eit talsystem i fleire nivå, er vanlegast i innhaldslistar og overskrifter i bøker (også nytta i denne boka). Viss forfattaren prøver å gjennomføre eit slikt system, kan vi rette med raudt i samsvar med desse retningslinjene. Sjå også 4.3.8. Det blir slik:

- 2 Nokre reglar for punktum
 - 2.1 Ikkje etter siffera framføre punkta i opprekninga
 - 2.2 Ikkje nødvendig etter kvart ledd i opprekninga
 - 2.3 Ikkje dersom ledda har same forma som titlar e.l., det vil seie ikkje har setningsform

- 2.4 Ikkje nødvendig sjølv om ledda har setningsform
- 2.5 Viss dei andre ledda ikkje er avslutta med punktum, skal det heller ikkje stå punktum ved det siste leddet

I kapitteloverskrifter av typen Kapittel 14() Kva er eit ion? bør vi rå til med blyant at ein sløyfar punktum, slik det er gjort i denne boka.

Til slutt i figurtekstar, tabelltekstar og bilettekstar

Det kan stå punktum etter figurtekstar, tabelltekstar, bilettekstar og margtekstar. Ein kan sjå desse gruppene kvar for seg, og tre system er moglege for kvar gruppe: 1) punktum etter alle tekstar av same typen, 2) ikkje punktum etter nokon tekstar, 3) ikkje punktum etter korte tekstar, berre etter lengre. Grensa mellom korte og lengre tekstar går som regel ved periodar som inneheld ei eller fleire setningar. Det er altså ganske stor valfridom og mange måtar å kombinere på, men reglane må praktiserast slik at punktumbruken gjennom boka følgjer eit konsekvent system.

I taluttrykk

Det er punktum, ikkje skråstrek eller bindestrek, som skal brukast ved numerisk datering. Vi har fleire valfrie dateringsmåtar – dei numeriske med **4.5.1998**, **4.5.98**, **04.05.1998** eller **04.05.98** og den alfanumeriske med **4. mai 1998**. I tillegg kjem det internasjonale systemet med **1998-05-04** eller berre **98-05-04**, men det bør ikkje nyttast i lærebøker og kan rettast med raudt.

Ein av dateringsmåtane må gjennomførast så langt som råd, og vi kan jamne ut med raudt. Vi kan også gjerne rå til **4.5.** i staden for **04.05.** – typen med **0** kan likevel stå i tabellar og kolonnar. Punktuma merkjer ut rekkjetal ("den femte"), og det er lett å gløyme det siste punktet ved oppramsing o.l.: 13.3(), 17.6() og 1.10().

Tidlegare kunne ein sløyfe punktum ved alfanumerisk datering (altså når ein skreiv månadsnamnet med bokstavar). Dette unntaket gjeld ikkje lenger. Ein må nytte punktum her som elles ved rekkjetal: (den) 8. juli.

Det skal *ikkje* vere punktum mellom tusen i store tal: **100 000**. Punktum her (*100.000) er vanleg, men må rettast med raudt.

4.3.5.3 Andre skiljeteikn

Spørsmålsteikn

Hugs spørsmålsteikn også i overskrifter som har form av spørsmål: Kapittel 14 Kva er eit ion? Derimot skal det ikkje vere spørsmålsteikn i overskrifter som er avhengige spørjesetningar: Kva eit ion er. Ein gjer òg fort den feilen å setje spørsmålsteikn etter formuleringar som *Vi spør om rovdyr er nødvendige i norsk fauna, eller om de kan utryddes? Men dette er ei utsegnsetning, og vi bør setje punktum inn med raudt i staden for spørsmålsteiknet.

Utropsteikn

Det skal til vanleg ikkje vere utropsteikn i oppgåvetekstar som desse:

Set opp og rekn ut.

Vri kompasset i riktig retning.

Vi kan ta utropsteikn ut med raudt viss det står slike her.

Mange som skriv, er svært glade i å nytte utropsteikn, og det kan vere grunn til å rette eller rå til punktum i staden. Da tonar vi nemleg ned forfattarstemma og gjer framstillinga meir nøktern. Er ein i tvil, bør ein heller sløyfe enn setje utropsteikn.

Semikolon

Semikolon er aldri obligatorisk. Ein nyttar det mest mellom heile setningar: punktum er alltid eit stort skiljeteikn; komma og semikolon er alltid små. Det er gale med semikolon i setningar som denne: *derfor vet vi ikke hva vi ser på; et skred som er gått, eller ett som pågår. Rett med raudt. Her kan vi velje komma, kolon eller tankestrek.

Kolon

Når det som kjem etter innleiingsteksten, høyrer direkte saman med den syntaktisk sett, skal ein sløyfe kolon:

Når du har lest dette kapittelet, skal du

- kunne beskrive oppbyggingen av et ion
- kunne gjøre greie for elektronets bevegelser

Men i slike tilfelle skal det stå kolon:

Du skal ha med desse sakene:

- varme klede
- sovepose

Sjå også 4.3.8.

4.3.5.4 Mellomrom (breiddesteg)

Eit mellomrom (breiddesteg) tener til å skilje ord og setningar frå kvarandre, og mellomrommet supplerer slik sett skiljeteikna. Ovanfor er det fleire gonger nemnt posisjonar der det er obligatorisk å setje mellomrom.

Eit skiljeteikn skal ikkje ha mellomrom framføre seg: **Adjø!** (ikkje ***Adjø**!). Men når ein bryt av ei framstilling med tre punktum, tek ein eit breiddesteg først: så snille folk ...

Mellomrommet er viktig i fleirordsuttrykk som **en gang / ein gong**. Her går det inn som ein direkte del av korrekt ortografi.

Det skal ikkje vere mellomrom føre og etter tankestrekar som viser tidsrom, avstandar, relasjonar eller andre motpolar: 1. mai–10. september, sytti–åtti personar, sidene 2–10, vegen Rjukan–Kongsberg, forholdet Lenin–Inessa Armand, kampen Noreg–Sverige. Derimot skal ein tankestrek ha mellomrom føre (og etter) ved innskot og i liknande funksjonar: det står – veit vi – enno mykje att.

Store tal skal ein gruppere i tre og tre siffer rekna frå desimalkommaet: 3 562 987 675,456 90. Tal på fire siffer kan grupperast slik: 4 200 eller 4200. Her kan vi krevje konsekvens i manus med raudt.

Det skal vere mellomrom omkring rekneteikn som gjeld fleire enn eitt tal: **2 + 2 = 4** (ikkje ***2+2=4**). Rett feil med raudt. Men merk at ein skriv **+5 °C** (= fem varmegradar) utan mellom-

rom framføre talet. Denne skrivemåten bør nyttast når ein også nemner minusgradar (**–5 °C**). Elles kan plussteiknet sløyfast: **5 °C** eller **+5 °C**.

Det skal vere mellomrom mellom tal og (forkorta) nemning, anten nemninga står framføre talet (**kr 10**) eller etter det (**10 kr, 5,68 kg, 25 l**). Også ikkje-bokstavteikn kan vere nemningar: **§ 10, 10 %, +5 °C** (men: ein vinkel på 180° utan mellomrom).

Brot på desse reglane skal alle rettast med raudt. Når vi rettar mellomromsfeil i lærebokmanus, kan vi mange gonger nøye oss med å gjere det berre i byrjinga og så skrive ein merknad om at forlaget må følgje opp. Da er det viktig at rettingane våre er klare og instruktive. Feil særskriving eller samanskriving av ord bør alltid rettast overalt i manus.

4.3.6 Nokre andre teikn

4.3.6.1 Hermeteikn (bokmål: anførselstegn)

Form

Hermeteiknet har fleire former: „ ... ”, “ ... ”, « ... ». Den første forma, med det første teiknet nede på linja, vart før brukt i handskrift, men er no mindre vanleg, og denne varianten ser vi snautt i trykt tekst. Dei to andre, med begge teikn oppe på linja eller vinklar, er om lag like vanlege. Merk at vinkelspissane skal vende utover: « ... » (på dansk er det omvendt). Av og til ser vi feilen « ... « eller » ... », det vil seie at den same vinkelen er brukt både føre og etter sitatet. Da må vi rette med raudt, men det er nok å gjere det på dei første sidene og så skrive at forlaget må følgje opp rettingane heile vegen.

Funksjonar

Hermeteikn nyttar ein når ein siterer, og ein set da teikna omkring sitatet. Om rekkjefølgja av teikn ved ulike overgangar mellom sitat og tekst – sjå 4.3.7.1.

Å setje hermeteikn som signal om rare ord blir lett ein uskikk, som ein bør passe seg for. Kva som er rart med eit ord eller bruken av det, veit ofte ikkje lesaren noko meir om fordi om det står hermeteikn. Vi bør ta ut hermeteikna i ei setning som denne: her kan utrekningane “sprekke”. Vi kan nytte raudt, for det er knapt

noko å seie på slik bruk av **sprekke** i det heile.

Generelt bør hermeteikna heller ikkje nyttast til å utheve ord og tekstdelar som viktige. Kursiv er betre. Hermeteikn og kursiv bør aldri nyttast samtidig.

I litteraturlister skal titlar på bøker, aviser, tidsskrift o.l. ikkje ha hermeteikn. Dei *kan* stå i kursiv. Titlar på artiklar *kan* stå i hermeteikn, men det er vorte mindre vanleg. Oftast sørgjer ein for å redigere litteraturlista slik at det går fram kva som er artiklar, og kva som er heile publikasjonar.

Særleg aviser nyttar heller replikkstreik (–) enn hermeteikn ved replikkar. Streiken, som ofte svarer til tankestrek, men som også kan ha ei særskild lengd, erstattar altså hermeteikna. Da er dei ledige til bruk ved sitat o.l. inne i replikken.

Ein del forfattarar lèt vere å setje hermeteikn når dei siterer lengre tekst som dei set innrykt i blokk. Dette er greitt når det er klart at teksten er eit ordrett sitat. Ein kan i tillegg seie ifrå i eit forord at sitata er redigerte slik.

Det må ikkje vere tvil om kva som er ordrett sitat, og kva som forfattaren sjølv gjev att frå ei kjelde.

Kor mykje skal stå i hermeteikn?

Ein kan kome i tvil om kor mykje det er rett å sitere frå ein tekst for å få fram poenget. Bør ein skrive: lova seier at opplysningane må sendast "samtidig med" at inntekta blir rekneskapsført eller: lova seier at opplysningane må sendast "samtidig med at" inntekta blir rekneskapsført når ein siterer? For å finne ut det kan vi sjå kor mange ord vi må ta ut viss vi set inn noko anna. Her kan det høve med "når", og da må vi ta ut "samtidig med at". Altså høyrer **at** med innanfor hermeteikna.

Gløym ikkje å setje det siste hermeteiknet der sitatet sluttar. Stryk hermeteikn med raudt etter såkalt(e)/såkalla.

4.3.6.2 Parentes og bogestrek

Vi må passe på at det i manuset er skilt mellom vanleg parentes (rund parentes) og hakeparentes. Det er ein tendens til å nytte berre den første typen overalt. Men hakeparentes bør stå rundt

utelatingar i sitat, med tre prikkar dersom utelatinga er kort: [...], og tre tankestrekar dersom ho er lengre: [– – –]. Hakeparentes skal òg setjast rundt dei innskota i sitatet som forfattaren sjølv gjer (korreksjonar, kommentarar o.l.). Rett med raudt slik at desse reglane blir følgde.

Høgreparten av ein halv vanleg parentes kallar vi *bogestrek*, og han ser slik ut:). Bogestrek har vore mykje nytta etter tal og bokstavar i punktoppstillingar, men dette blir ikkje lenger rekna for korrekt. Derimot kan vi godta noko bruk av bogestrekar i samanhengande tekst der dei gjer meininga tydelegare, for eksempel der det blir vist til illustrasjonar og dei omgrepa ein talar om, ikkje er markerte på anna vis. Da kan det sjå slik ut: på figur 6.2 ser vi dei første eksemplara av 1) bil, 2) tog, 3) dampskip. (Her kunne tala elles lett ha forvirra lesaren.)

4.3.7 Rekkjefølgja?

4.3.7.1 Skiljeteikn og hermeteikn

Dersom eit sitat er ei setning, skal skiljeteiknet stå framføre slutthermeteiknet: Han sa: "Eg kjem i morgon." Det gjeld også viss ein bryt opp den siterte setninga på denne måten: "Eg kjem i morgon," sa han, "viss eg rekk det." Dersom heile ytringssetninga kjem etter sitatet, blir det slik: "Eg kjem i morgon," sa han. "Kjem du i morgon?" spurde eg.

Der sitatet berre er ein del av den setninga ein sjølv skriv, blir det annleis: At han sier "Jeg vil ikke", er ikke noe å bry seg om. Eventuelt kan vi skrive: At han sier: "Jeg vil ikke", er ikke noe å bry seg om.

Også ved namn nyttar vi ofte hermeteikn, og i genitiv (mest på bokmål) heiter det da for eksempel dampskipet "Astma"s forlis, med s-en etter slutthermeteiknet.

Brot på desse reglane rettar vi med raudt.

4.3.7.2 Skiljeteikn og parentes

Eit skiljeteikn skal stå saman med den heilskapen det høyrer til, anten heilskapen er sett i parentes eller inneheld ein parentes: Hun gav mange eksempler. (Men de var ikke fullstendi-

ge.) Gje nokre eksempel (slik som her). Rett feil med raudt.

4.3.8 Punktoppstilling

Punktoppstillingar (rubrikkoppstillingar) er oppstillingar med linjeskift mellom kvart punkt. Ein trekkjer stoff ut av den samanhengande teksten og stiller det opp på denne måten for å gjere framstillinga meir oversynleg, streke under ting e.l.

Det er mange måtar å gjere dette på. Punkta kan markerast med spesielle teikn (stjerner e.a.), tankestrekar, tal eller bokstavar framføre seg. Dei kan òg vere markerte berre med innrykk (det høver dårleg dersom dei går over meir enn ei linje). Merk at det ikkje skal vere punktum etter tal og bokstavar som er punktmarkørar. Markørane (tala, bokstavane e.a.) kan rykkjast inn frå den vanlege margen, teksten i punkta kan rykkjast inn eitt steg til, med eigen venstremarg, og ein kan ta ekstra linjeskift føre og etter punkta.

Med rettingane og framlegga våre bør vi fremje eit så konsekvent system som råd i heile boka.

Hos somme forfattarar blir punktoppstillingar nesten ein mani, mens andre godt kunne nytta slike oppstillingar oftare enn dei gjer. Begge delar kan vi peike på i ein merknad til forlaget, om vi ser noko slikt.

Vi må godta at det blir veksla mellom ulike slags punktoppstillingar i manuset, berre oppstillingane er i tråd med reglane, for det skiftar mykje kva som høver i den samanhengen ein arbeider med.

Her er nokre viktige tips: Teksten bør ta til med *stor bokstav* i punkt

- som sluttar med punktum eller eit anna stort skiljeteikn
- som inneheld fleire setningar (heilsetningar)

Når stoff er trekt ut av den vanlege teksten, blir skiljeteikn mindre nødvendige. Det skal ikkje stå punktum til slutt i ledd som ikkje er heile setningar. Inneheld eitt eller fleire av punkta på førehand eit punktum, tek vi det ut med raudt eller krev at ein gjer alle punkta om til setningar.

Vi kan godta at nokre punkt er heile setningar, men andre ikkje, og da aksepterer vi òg at det står stor (eller liten) forbokstav først utan at det kjem punktum eller eit anna skiljeteikn til sist i punktet.

Andre gonger bør teksten i punkta ta til med *liten bokstav*. Det gjeld i punkt

- som er korte
- som er ein uunnverleg del av den setninga som innleier punktoppstillinga

Det vanlegaste er at det ikkje står komma etter punkta, men iblant kan anten komma eller semikolon vere nyttig (sjølv sagt ikkje der punktum bør stå), på same måten som eit **og** eller eit **eller** mellom det nest siste og det siste punktet. Men vi kan gjerne gjere framlegg om enklare løysingar der det høver slik.

Punkta skal vere språkleg parallelle, det vil seie at dei er formulerte med same typen setningar eller same typen innleiingsord.

Di meir heterogene punkta blir, di meir taler for å skrive om på nokre av dei for å få større likskap. Det verkar ikkje så oversynleg om ein (som her) stiller saman

- eit par ord
- punkt som er bygde opp av meir enn ei setning. I slike tilfelle kan ein jo setje punktum og ta til med ny setning, men det går ikkje alltid så bra der punkta har altfor ulikt omfang. Grunnen er at lesaren da lett mistar oversynet att
- eittordspunkt

Denne oppstillinga nærmar seg grensa for det akseptable. Noko av stoffet i det midtre punktet burde vore trekt ut og omtalt i den samanhengande teksten føre eller etter.

Les meir om dette i Vinje: *Skriveregler/Skrivereglar*.